

# concept

Anne Strand Alfredsen Larsen, Helene Berg, Ole Jonny Klakegg, Morten Welde, Jan Alexander Langlo og Nils O.E. Olsson

**Kostnadsestimering  
i tidleg-fase av store  
offentlege prosjekt – korleis  
sikre realistiske estimat  
under høg usikkerheit?**

Concept-rapport nr. 73



tf  
p  
e  
c  
n  
o  
c

Anne Strand Alfredsen Larsen, Helene Berg, Ole Jonny Klakegg, Morten Welde, Jan Alexander Langlo og Nils O.E. Olsson

**Kostnadsestimering  
i tidleg-fase av store  
offentlege prosjekt – korleis  
sikre realistiske estimat  
under høg usikkerheit?**

Concept-rapport nr. 73

Concept-rapport nr. 73

## **Kostnadsestimering i tidlegfase av store offentlege prosjekt – korleis sikre realistiske estimat under høg usikkerheit?**

Anne Strand Alfredsen Larsen  
*Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet*

Helene Berg  
*Forsvarets forskningsinstitutt*

Ole Jonny Klakegg  
*Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet*

Morten Welde  
*Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet*

Jan Alexander Langlo  
*Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet*

Nils O.E. Olsson  
*Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet*

ISSN: 0803-9763 (papirversjon)  
ISSN: 0804-5585 (nettversjon)  
ISBN: 978-82-8433-040-2 (papirversjon)  
ISBN: 978-82-8433-041-9 (nettversjon)

RETTIGHETSHAVER  
© Forskningsprogrammet Concept  
Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse.

DATO: AUGUST 2023

UTGIVER: Ex ante akademisk forlag

Concept-programmet  
Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet  
7491 NTNU – Trondheim  
[www.ntnu.no/concept](http://www.ntnu.no/concept)

Ansaret for informasjonen i rapportene som produseres på oppdrag fra Concept-programmet ligger hos oppdragstaker. Synspunkter og konklusjoner står for forfatterens regning og er ikke nødvendigvis sammenfallende med Concept-programmets syn. Concept-rapportserie er godkjent som vitenskapelig publiseringskanal på Nivå 1. Alle bidrag kvalitetssikres av uavhengige fagfeller.

## Concept-rapportserien

Forskningsprogrammet Concept er forankret ved NTNU og arbeider med forskning knyttet til utviklingen og kvalitetssikringen av store investeringsprosjekter i Norge. Dette er tverrfaglig forskning innenfor fagområdene prosjektledelse, offentlig finansiering, statsvitenskap, samfunnsøkonomisk analyse og evaluering. Rapportserien presenterer forskningsresultater på programmets fagområder og er godkjent som vitenskapelig publiseringskanal på nivå 1. Målgruppen omfatter primært forskere på respektive fagområder og fagpersoner i offentlig forvaltning og utredningsmiljøer.

### Redaksjon

Gro Holst Volden, redaktør, programleder Concept

Morten Welde, seniorforsker, NTNU

Ole Jonny Klakegg, professor, NTNU

Nils O.E. Olsson, professor, NTNU

### Redaksjonsråd

Askill Harkjerr Halse, forskningsleder, Transportøkonomisk institutt

Eivind Tveter, førsteamanuensis, Høgskolen i Molde

Heidi Ulstein, managing partner, Menon Economics

Ingeborg Rasmussen, styreleder, Vista Analyse

Jørn Rattsø, professor, NTNU

Petter Næss, professor emeritus, NMBU

Tina Karrbom Gustavsson, professor, KTH Stockholm

Tom Christensen, professor emeritus, Universitetet i Oslo

Tore Sager, professor emeritus, NTNU

Vibeke Binz Vallevik, gruppeleder, DNV GL

## Føreord

Concept-programmet driv følgjeforskning på prosjekta som fell inn under Statens prosjektmodell. Dei mest sentrale milepælane i modellen er konseptvalutgreiing (KVU) med samfunnsøkonomisk analyse, og ekstern kvalitetssikring i to steg (KS1 og KS2). Mykje tyder på at ordninga med ekstern kvalitetssikring (KS2) har bidrege til meir realistiske kostnadsestimater. Derimot ser ein klare teikn til at kostnadsestimata som vert utarbeidde i tidlegare fasar (som del av konseptvalutgreiinga) er langt mindre realistiske, og at heller ikkje kvalitetssikring i denne fasen (KS1) har greidd å rette dei opp.

Problemet må truleg løysast gjennom ein kombinasjon av tiltak som sikrar god estimering og tiltak som sikrar god styring. Denne studien tar føre seg det første temaet. Estimering er i seg sjølv eit stort og komplekst tema, som både omfattar prosessar, metodar, datagrunnlag og anna. Det meste av metodar og erfaringar som finst innan estimering i dag, har grunnlag i seinare prosjektfasar og er ikkje nødvendigvis eigna i konseptfasen, der usikkerheita er mykje større.

Studien er eit første og viktig steg mot å sikre meir realistiske kostnadsestimater i tidleg fase. Studien har involvert fleire av forskarane tilknytte Concept-programmet ved NTNU. Vi vil takke alle ressurspersonane hos etatar og KS-firma som har bidratt med sine erfaringar og synspunkt. Det har vore stort engasjement rundt denne studien, og vi håper resultatane kan komme til nytte.

Til slutt takkar vi to anonyme fagfellar som har kome med verdifulle innspel i sluttfasen

Trondheim, august 2023

Gro Holst Volden

Programleiar Concept-programmet, NTNU Trondheim

# Innhold

<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>4</b>
<b>SUMMARY .....</b>	<b>11</b>
<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>18</b>
1.1 DOKUMENTERT PRESTASJONSNIVÅ I ESTIMERING.....	18
1.2 MÅL OG AVGRENSINGAR FOR STUDIEN.....	21
<b>2 TEORETISK BAKGRUNN .....</b>	<b>24</b>
2.1 GENERELT OM TIDLEGFASEN -TEORI OM KONTEKST .....	24
2.2 GENERELT OM TIDLEGE KOSTNADSESTIMAT I LITTERATUREN .....	25
<b>3 OVERSIKT OVER METODAR INNANFOR KOSTNADSESTIMERING .....</b>	<b>28</b>
3.1 GRUNNLEGGANDE OM ESTIMERING.....	28
3.2 UTFORDRINGAR MED ESTIMERING UAVHENGIG AV PROSJEKTFASAR.....	31
3.3 UTFORDRINGAR MED ESTIMERING I ULIKE FASAR .....	32
3.4 ULIKE KOSTNADSESTIMERINGSMETODAR .....	38
<b>4 METODE.....</b>	<b>43</b>
4.1 DATAINNSAMLING .....	44
4.2 ANALYSE.....	48
4.3 OM KVALITET OG AVGRENSINGAR .....	50
<b>5 RESULTAT FRÅ GJENNOMGANG AV VITSKAPLEG LITTERATUR .....</b>	<b>52</b>
<b>6 RETNINGSLINJER FOR KOSTNADSESTIMERING I OFFENTLEGE ETATAR .....</b>	<b>59</b>
6.1 STATENS PROSJEKTMODELL OG KOSTNADSESTIMERING .....	59
6.2 RETNINGSLINJER FOR KOSTNADSESTIMERING I OFFENTLEGE ETATAR .....	61
<b>7 GJELDANDE PRAKSIS I PROSJEKTA- RESULTAT FRÅ EMPIRISK STUDIE .....</b>	<b>66</b>
7.1 GENERELLE FUNN .....	67
7.2 FØRESETNADER .....	68
7.3 PROSESS .....	69
7.4 LEVERANSAR.....	74
7.5 UTDJUPING OG KONKRETISERING AV FUNNA.....	76

---

<b>8</b>	<b>REFLEKSJONAR, TILRÅDINGAR OG KONKLUSJON FOR BETRE</b>	
	<b>ESTIMERINGSPRAKSIS .....</b>	<b>82</b>
8.1	REFLEKSJONAR KRING FORSKINGSSPØRSMÅLA .....	82
8.2	TILRÅDINGAR .....	89
8.3	KONKLUSJON.....	94
8.4	VIDARE ARBEID .....	96
	<b>REFERANSAR .....</b>	<b>97</b>
	<b>BILAG 1: ESTIMERINGSMETODAR (TABELL) .....</b>	<b>106</b>
	<b>BILAG 2: INTERVJUGUIDE .....</b>	<b>109</b>

## Samandrag

Concept-programmet har tidlegare dokumentert at norske etatar har god praksis knytt til å sikre realistiske budsjett for store offentlege investeringsprosjekt før dei skal vedtakast i Stortinget. Ein har også dokumentert at dei tidlegaste estimata knytte til konseptvalet er mindre realistiske, og veks med 40 prosent i snitt fram til KS2. Ein ser også tilsvarende svakheiter knytte til kostnadsestimering i tidlege fasar av investeringsprosjekt i andre land.

Det er gjort enkelte studiar innanfor denne tematikken nasjonalt, og også internasjonalt- der vitenskapleg litteratur viser til ulike forklaringar på kvifor tidlege estimat ikkje er realistiske. Det er stor interesse for å skaffe meir kunnskap om dette temaet frå aktørane i Statens prosjektmodell, og etatane ønsker seg gode verktøy for å sikre ei mest mogeleg presis investeringsramme i tidlegfasen av prosjektet.

Denne studien har søkt svar på korleis vi skal kunne sikre riktig og tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag for realistisk kostnadsestimering i tidlegfasen, og vidare kva for metodar som gjer oss i stand til å gjere realistiske estimat trass i at tidlegfasen representerer ein fase i prosjektet med høg usikkerheit og lite informasjon. Studien har kartlagt praksis og utfordringar i ulike etatar, og er forhåpentlegvis eit skritt på vegen mot meir innsikt og kunnskap kring korleis vi evnar å gjere realistiske kostnadsestimat i den tidlegaste fasen av eit prosjekt.

### **Kostnadsestimering i tidlegfase**

Estimering er ein viktig funksjon i all planlegging og styring, det er ikkje ein plan eller eit mål, men ei meining om kva ein trur prosjektet vil koste til slutt. Dette må ein gjere på bakgrunn av den tilgjengelege informasjonen ein har på det gitte tidspunktet. Tidlegfasen representerer ein kompleks og særst usikker kontekst med lite tilgang til informasjon. Derfor vert ein grunnleggande del av estimeringa å erkjenne den ibuande usikkerheita, og handtere denne i prosessen vidare. Det er mogeleg å meine noko om prosjektkostnaden heilt frå eit tidleg stadium av prosjektet dersom ein er villig til å akseptere upresise estimat, og kanskje også direkte feil prognosar.

Estimatet fortel kva vi trur det som no er planlagt vil koste, medan prognosen svarar på prosjektkostnaden slik vi trur han vert til slutt. Prognosane er tett knytte til usikkerheitsanalysen, som er ein viktig og naudsynt aktivitet. Estimater og prognose representerer eit augneblinksbilette, og presisjonen vil verte betre etter

kvart som ein får meir presis informasjon. Det er mange interessentar i eit stort offentleg prosjekt, og det er ikkje alle som kjenner til utfordringane som ligg i å estimere under stor usikkerheit. Ofte vil ein derfor sjå at «bordet fangar»- når ein først har ytra eit tal så heng dette ved prosjektet for all framtid. For å tydeleggjere noko av problemet med dette, ser vi i denne studien estimeringa både frå perspektivet til bestillaren og til estimatoren.

Estimeringa kviler på føresetnader og startvilkår både frå etat- og prosjektsida, der det viktigaste i oppstarten er å beskrive kva estimatet skal brukast til. Rammene og krava definerte i starten vil følgje estimeringa heile vegen, saman med estimatoren sine vurderingar og føresetnader. Det er såleis viktig å unngå å kome skeivt ut. Sjølve estimeringsprosessen er ein modningsprosess med ulike grader av usikkerheit, som krev at ein heile vegen evnar å vere medviten kring føresetnader og vilkår, og stille kritiske spørsmål til desse. Dette kan vidare føre til justeringar, behov for ny informasjon og kalkulasjonar, slik at arbeidsforma vert iterativ og krev tid. I hovudsak har estimeringsprosessen fire steg:

1. Velje metodikk basert på tilgjengeleg informasjon og startgrunnlag
2. Setje opp ein modell for kostnaden
3. Legge inn tal i modellen baserte på tilgjengelege data, og
4. Vurdere resultatet frå modellen og analysere det opp mot heilskapen i situasjonen.

Gjennom heile denne prosessen og spesielt etter at resultatet ligg føre, må ein sikre at metoden er brukt rett, at inngangsdata og resultat har rimeleg storleiksorden, at resultatet er realistisk med tanke på den totale usikkerheita og at det no er eigna for føremålet. Vidare skal dette resultatet dokumenterast og kommuniserast til dei som treng denne informasjonen.

Tidlegfasen krev konseptuell estimering, som typisk er ekspertvurderingar, analogiske eller parametriske tilnærmingar. I denne fasen skal ein kunne gjere eit konseptuelt val, og ein må kunne skilje mellom alternativ mellom anna på kostnader. For at prosessen skal vere effektiv, må ein kunne estimere raskt, og lik handsaming av alternativa er det viktigaste for at ein skal kunne gjere balanserte val. Det konseptuelle valet ein gjer i tidlegfasen spelar stor rolle for prosjektet sin langsiktige suksess.

Uansett kva modellering, estimering og prognosemetodar ein vel, ligg den grunnleggjande utfordringa i å etablere ein samanheng mellom modnaden i grunnlaget og det resultatet ein får ut. I tidlegfasen er grunnlaget umode, usikkert og vil endre seg gjennom prosessen. Dei som har ansvar for planlegging eller

avgjerder ber med seg menneskelege «bias». Dette vil alltid vere grunnleggande og krevjande trekk i ein tidlegfasekontekst.

### **Metodisk tilnærming i denne studien**

Forskingsspørsmåla i denne studien er av ein utforskande art, og vi har derfor nytta eit kvalitativt forskingsdesign. Studien kviler på ein systematisk litteraturgjennomgang som danna ei referanseramme for arbeidet, og eit veldefinert utgangspunkt for intervjuguiden vår. Intervjuguiden var delt inn i fem hovudtema- der vi spurde om:

- I. *Korleis ein estimerer i tidlegfase*
- II. *Korleis rammekrava påverkar estimeringa*
- III. *Korleis prosessen påverkar estimeringa*
- IV. *Korleis estimeringa tilpassast styringa i etterkant*
- V. *Kor gode informantane meiner at estimata faktisk er*

Hovudkjelda til dei empiriske data er semi-strukturerte intervju med 31 informantar, hovudsakleg gjennomført i grupper. Informantane representerer dei ulike etatane som fell inn under Statens prosjektmodell i tillegg til konsulentkonstellasjonane som gjennomfører ekstern kvalitetssikring. Basert på preliminare funn frå desse intervju, vart det også gjennomført eit seminar der alle deltakande etatar og konsulentkonstellasjonar vart inviterte. Til saman tok 53 personar del på seminaret, alle med brei kompetanse og erfaring innan kostnadsestimering av prosjekt. Føremålet med seminaret var å utdjupe funna, og i fellesskap få diskutere problemstillingar knytte til temaet. Det vart gjennomført eit gruppearbeid, der deltakarane reflekterte kring kva som er mest krevjande i estimeringsarbeidet, om det finst skilnader mellom etatane og vidare om dei kunne gi døme på fungerande praksisar og gode erfaringar. Gruppearbeidet enda opp i ein plenumssesjon. Resultatet frå seminaret er innarbeida i rapporten.

I tillegg har vi også sett på praksisar og retningslinjer for kostnadsestimering i Noreg i ulike sektorar (infrastruktur som veg og jernbane, forsvarssektoren og for bygg).

### **Litteraturgjennomgang**

Generelt er ikkje vitenskapleg litteratur kring kostnadsestimering og kostnadsauke i tidlegfase så omfattande samanlikna med litteratur og forskning som omhandlar seinare fasar i (offentlege) prosjekt. Det finst mange studiar om kostnadsoverskrindingar i offentlege prosjekt i internasjonal litteratur som peikar på ulike utfordringar og potensielle forbetringar. Felles for desse er at datamaterialet skriv seg frå budsjett som er fastsette nærare gjennomføringsfasen av prosjektet enn den tidlege fasen. Generelt viser likevel den internasjonale litteraturen (i

motsetning til norske studiar frå Statens prosjektmodell) at store kostnadsoverskridingar er regelen snarare enn unntaket både for eldre og nyare studiar, og for ulike prosjekttypar innanfor offentleg sektor. Ein av studiane vi har sett på fann likevel at overskridingane har minka noko over tid, noko som står i kontrast til tidlegare funn.

Årsakene til kostnadsoverskridingar er mange og komplekse. Nokre forfattarar har delt årsakene inn i fire kategoriar, anten som *tekniske* (til dømes utilstrekkelege data, 'ærlege feil'), *økonomiske* (medviten underestimering grunna perverse insentiv, eller på grunn av strategisk åtferd), *psykologiske* (overoptimisme) og *politiske* (medviten undervurdering av kostnader for å få starta eit prosjekt, som heng saman med såkalla perverse insentiv).

Gjennom åra har det i hovudsak utvikla seg to forklaringsmodellar knytte til manglande realisme i tidlege kostnadsestimat. Den eine modellen baserer seg på menneskelege feilvurderingar som følgje av ulike «bias» og held fram at strategisk underestimering er den mest sannsynlege forklaringa. Den andre forklarar manglande realisme med dei upresise føresetnadene vi har frå starten av slik at kostnadsestimeringsprosessen opplever endringar og utvikling undervegs. Vi argumenterer for at ein ikkje kan stø seg berre på den eine modellen for å forklare urealistiske og feil estimat, men at desse to må eksistere saman for å best kunne forklare kvifor vi bommar som vi gjer. Dette skriv seg frå mange utfordringar ein møter når ein skal estimere, knytte til både mangel på informasjon, lite modnad og mangel på kontinuitet kombinert med ulike oppfatningar og forventingar.

I den systematiske litteraturgjennomgangen søkte vi i tre ulike databasar. Resultata inkluderte bidrag hovudsakleg frå bygge- eller infrastrukturprosjekt. I dette materialet var det ingen tidlegare litteraturgjennomgangar som nøyaktig dekte kostnadsestimeringspraksis i dei tidlegaste prosjektfasane. Alle artikkelane som vart inkluderte, gav metodologiske bidrag til tidlegfaseestimering, og fleire av studiane viste til bruk av empiriske data for forbedring av eksisterande praksis gjennom testing eller evaluering av ulike metodar og tilnærmingar. Det er elles mykje meir litteratur tilgjengeleg knytt til kostnadsoverskridingar og kostnadskontrollpraksis i seinare fasar enn i tidlegfasen. Vi manglar kunnskap om kostnadsestimering i tidlegfasen.

### **Intervju, seminar og utvalde hovudfunn**

Informantane var erfarne og har vore med i denne typen arbeid over mange år, og fleire har også hatt roller både i prosjekt og som kvalitetssikrar. Det var stor grad av einigheit om at kostnadsestimering i tidlegfase er krevjande. Vidare følgjer omtale av nokre hovudfunn:

Auka kompleksitet i prosjekta: Generelle funn peikar på at prosjekta har vorte meir komplekse og omfattande over åra. Aukande kompleksitet tilskrivast både auke i omfang og teknologiutvikling. Dette påverkar også kostnadsestimeringa. Til dømes er behovet for tverrfaglege team som inkluderer folk med spesialistkompetanse innanfor ulike felt større i dag samanlikna med tidlegare, og metodane for kostnadsestimering er meir sofistikerte. Å finne rett og nok kompetanse i estimeringsprosessen er ei utfordring i seg sjølv.

Større og meir differensierte grupper som gjennomfører estimeringa krev god koordinering og kommunikasjon mellom partane, og fører også med seg utfordringar knytte til ulik bruk av terminologi og fare for å verte for opptatt av og detaljfokusert kring eige fagfelt. Slik er det viktig å sikre ei felles forståing av oppgåva som skal løysast gjennom til dømes felles terminologi og gode, kunnskapsbaserte retningslinjer. Vidare vart det vist til at det er viktig å finne prosjekta sine særleine kjenneteikn for å best mogeleg skjønne kva ein skal gjere, og kva behova er i kostnadsestimeringprosessen for å få fram eit best mogeleg estimat.

For optimistiske kring modnaden: Prosjekta sine modnadsnivå er også omtalte. Ein er ofte for optimistisk med tanke på kor mode prosjektet faktisk er, noko som kan føre til at usikkerheita i kostnadsestimaten vert feilvurdert. Berre ein av etatane har testa ut teknikkar eller verktøy for vurdering av prosjektmodnad.

Behov for dokumentasjon: Behovet for god dokumentasjon gjennom heile prosjektførsløpet er også halde fram. Manglande dokumentasjon fører til at det vert vanskeleg å etterprøve og tidvis sær utfordrande å forstå føresetnadene som er lagde til grunn for prosjektet. Korleis dette vert gjort i etatane varierer, men det er ei generell oppfatning at dette kan og bør forbetrast.

Klare føresetnader er viktig for eit godt utgangspunkt: Føresetnadene for prosjektet må vere så klare som mogeleg for å kunne kome godt av garde i kostnadsestimeringa. Situasjonen ein står i er usikker og mykje er uklart i denne fasen av eit prosjekt. Informantane ser på det som naturleg, men held fram at det er viktig å erkjenne denne usikkerheita og ha ein plan for korleis ein kan handtere henne. Klare oppfatningar om behovet prosjektet skal løyse og klare beskrivingar av prosjektomfanget er naudsynt for å vere trygg på kva ein skal gjere. Manglar dette, vil ein mest sannsynleg oppleve kostnadsdrivande endringar seinare i prosjektet.

Moglegheita til å gjere reelle konseptval: Føremålet med den tidlegaste prosjektfasen, konseptvalet, er omtalt. Nokre av informantane viser til at ein kan oppleve at ein ikkje gjer reelle konseptval sidan valet verkar å vere tatt på

førehand. Det er også nemnt at konseptat tidvis er for like, og at tidlegfasen tar form som ei rein kostnadsestimering heller enn eit reelt konseptuelt val.

Konsistensen vert utfordra: Statens prosjektmodell er sekvensiell og krev konsistens mellom ulike fasar. Prosjekta går over lang tid, og saman med aukande kompleksitet, utfordrar dette konsistensen. Vi ser indikasjonar på manglande konsistens både når det gjeld personell, kompetanse, dokumentasjon og kommunikasjon. Å sørge for god kommunikasjon mellom ulike interessentar og representasjon på rett nivå i tillegg til tilstrekkeleg dokumentasjon, er sett på som naudsynt for å få til ein best mogeleg estimeringsprosess. Samstundes må det vere tid og rom til å handtere den usikre konteksten ein står i, mellom anna gjennom å legge til rette for naudsynte iterasjonar med aukande sikkerheit og klarheit i estimatet. Det er tilrådd frå informantane å nytte «top-down»-tilnærmingar i tidlegfasen og ikkje detaljere for tidleg. Likevel vert dette gjort. Årsaka til dette er ikkje eintydig, men det vert vist til at ein brukar det ein har og talfestar det ein kan for å navigere i den usikre konteksten ein står i. Det kan også kome av at dei som tek avgjerdene gjerne ynskjer eitt tal å forhalde seg til.

Usikkerheitsanalysane varierer: Det er ulik praksis og erfaringar knytte til gjennomføring av usikkerheitsanalysar i etatane. Rett nok vert det gjennomført av alle, og det er også ei felles oppfatning av at dette er noko av det vanskelegaste ein gjer. Nokre etatar hentar inn ekstern hjelp til å for gjennomføring, medan andre har kompetanse og ressursar til å gjennomføre sjølve. Informantane er inne på at usikkerheitsanalysen bør fasetilpassast slik at graden av detaljering aukar med prosjektmodnaden. Vidare er kommunikasjonen kring usikkerheit utfordrande, særskilt å få ei forståing for spenn og korleis dette kan skissere eit potensielt utfallsrom.

Bruk, systematisering og deling av erfaringstal har stort forbettringspotensiale: Erfaringstal er i stor grad knytte til lokale og uformelle system og til enkeltpersonar sin kompetanse og erfaring, og det er lite utveksling og erfaringsdeling både mellom etatane og mellom etatane og konsulentmiljøa.

Funna peikar såleis på fleire utfordringar som hindrar oss i å gjere realistiske estimat i tidlegfasen. Informantane gir vidare døme på tiltak og god praksis for å kome desse i møte. Mellom tiltaka er å la prosjektet modne gradvis og ha tid til iterasjonar av estimatet, unngå å detaljere prosjektet for tidleg, dokumentasjon og tydelegheit kring føresetnader i tillegg til kommunikasjon mellom ulike nivå i prosjektet både med tanke på føresetnadene og usikkerheita, bygge ein kultur for å systematisere, bruke og dele erfaringstal og å ha gode styringssystem.

### **Tilrådingar og konklusjon**

Trass i at ein ser fleire forbetningsområde knytte til kostnadsestimering i tidlegfase, så er dei fleste informantane samde om at ein ser ei betring i realismen til estimata, og at ein over åra har opparbeida seg meir kunnskap om fallgruvane i dette arbeidet.

I det siste kapittelet i rapporten, presenterer vi tilrådingar for å gjere gode kostnadsestimat i tidlegfase knytte til føresetnader, prosess og leveransar.

Til slutt i kapittelet konkluderer vi gjennom å svare på forskingsspørsmåla kring korleis vi skal kunne sikre riktig og tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag for realistiske kostnadsestimat i tidlegfasen, og kva metodar som er i stand til å gi oss dette. For å kunne sikre riktig og tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag, må etatane sikre at data frå tidlegare prosjekt vert tilgjengelege som faktagrunnlag. Det er ikkje god nok praksis på dette i dag. I tillegg er det avgjerande at tidlegfaseprosessen ikkje startar med førehandsbestemte haldningar til kva svaret skal bli. Prosjektet må få modne over tid før ein konkluderer kring løysing med tilhøyrande kostnad og usikkerheit. Metodisk krev tidlegfasen enkle og raske tilnærmingar. Nokre metodiske tilnærmingar er veletablerte, men vi treng også å utvikle nye metodar. I tillegg bør ein sørge for å gjere rimelegheitsvurderingar.

---

## Summary

Norwegian agencies show good practice related to ensuring realistic budgets for major public projects prior to parliamentary decisions. This has previously been documented by the Concept Research Programme. It is also documented that the earliest cost estimates related to the conceptual choice are far less realistic, showing an average cost escalation of 40 per cent from QA1 towards QA2. Similar insufficiencies in early cost estimates for investment projects are also seen internationally.

Some studies are made on this topic at a national level. We also find international studies where the literature points at different explanations for the lack of realism in early cost estimates. There is considerable interest among the actors associated with the Norwegian State Project Model to obtain more knowledge regarding this topic. The actors and agencies request appropriate tools for providing the best possible estimate in the projects' front-end.

The current study aimed at answering questions regarding how to enable a sufficient basis for information for making realistic cost estimates in the front-end, and further which methodologies are suitable for this purpose, despite the front-end's characteristics showing a high level of uncertainty and lack of information. The study describes practices and challenges pertaining to early cost estimates in different Norwegian agencies. This will hopefully serve as a step towards more insight and knowledge regarding our abilities for making realistic cost estimates in the front-end phase of a project.

### **Cost estimation in the front-end phase**

Estimation is an important activity for planning and steering. It should not be treated as an equivalent of a plan or an objective. Rather it should serve as an opinion or reflection regarding the final cost of the project. Such statements are made based on the available information at that time. The front-end is characterised by a high level of uncertainty and lack of information representing a highly complex context. Thus, a fundamental part of the estimation is to acknowledge the inherent uncertainty and being able to handle it throughout the process. Even if the context is challenging it is possible to say something about the project cost at the front-end. That is if one is willing to accept inaccurate estimates or forecasts that may actually be wrong.

Cost estimation gives us the answer to what the project specifications currently on the table will cost to acquire, while the forecast tells us what the final cost of the project will be. The forecast is tightly linked to the uncertainty analyses which is an essential activity. The estimates and forecasts represent snapshots. They will gain more precision as the information become more precise. Major public projects have a multitude of stakeholders. These stakeholders have limited knowledge of the challenges that come with cost estimation in a highly uncertain context. This often leads to the fact that numbers or values expressed early on will be associated with the project for all time. By describing the perspectives of both the estimator and the owner this study aims at clarifying some of these challenges.

The estimation is based on prerequisites set by both the agencies and the project itself. The most important thing to do at the outset is to describe the purpose of the estimate and how it should be used. Initial prerequisites are present throughout the estimation process together with the assessments and assumptions made by the estimator. Thus, it is important to get a good start. The estimation process is a maturation process carrying different degrees of uncertainty. This requires consciousness regarding prerequisites and conditions. These need to be looked upon critically. This may lead to adjustments, need for new information and calculations making the way of working iterative and time consuming. The estimation process can mainly be divided into four steps:

1. Make a methodological choice based on accessible information and initial conditions.
2. Make a cost model.
3. Feed the model with numbers based on accessible data.
4. Assess the model output by analysing it with respect to the situation as a whole.

Throughout the estimation process, and especially after the result is available, it is important to make sure that the chosen method is used correctly: the order of magnitude of the input and output must be reasonable, the result should be realistic regarding the overall uncertainty and currently fit its purpose. Furthermore, the result should be documented and communicated to the persons in need of this information.

Cost estimation in the front-end phase should be conceptual, typically expert judgements, analogical or parametric approaches. The purpose of the front-end is to make a choice of concept. One of the assessment criteria separating different alternatives are the investment costs. To enable an efficient process, the estimates should be fast to produce. The different alternatives should be handled equally in

order to make informed choices. The conceptual choice made in the front-end phase is very important for the project's strategic or long-term success.

Regardless the choice of model, the fundamental challenge for estimation or forecast methods is to establish a relation between the maturity level of the estimation basis and the produced output. In the front-end phase the estimation basis is immature and uncertain. It will change during the process. Moreover, those responsible for planning or decision-making are susceptible to behavioural biases. This will always be a fundamental challenge in the front-end context.

### **Methodological approach for this study**

The explorative nature of the research questions in this study called for a qualitative study design. The study's fundament is a systematic literature review serving as a frame of reference for this work and defined a point of departure for the interview guide. The interview guide was divided into five main topics, where we asked:

- I. *How are cost estimates made in projects' front-end phase?*
- II. *How do boundary conditions affect the estimation?*
- III. *How does the process of cost estimation affect the estimate?*
- IV. *How is the relationship between cost estimation and succeeding cost steering?*
- V. *How, according to the informants, realistic are the cost estimates?*

The main source of empirical data is semi-structured interviews with 31 informants, mainly carried out in groups. The informants represent the different public agencies included in the Norwegian State Project Model. There were also representatives from the seven consortia of external advisors performing quality assurance. We also held a seminar where we presented preliminary findings from the interviews, where all agencies and external advisors' consortia were invited. The seminar comprised 53 participants. They were all skilled and experienced in cost estimation. The purpose of the seminar was to elaborate on the preliminary findings and to enable joint discussions of current issues regarding the topic of cost estimation. The seminar participants had break-out meetings. Here, they discussed the most challenging issues pertaining to cost estimation, potential differences among the public agencies. They were also asked to come up with examples of good practices and experiences. The results from this work were presented and discussed in a plenary session. The overall results from the seminar are incorporated in this report.

Additionally, we have investigated practices and guidelines for cost estimation in different Norwegian public sectors (roads and rails, defence and construction).

### **Literature review**

In general, the magnitude of scientific literature on cost estimation in the front-end phase of (public) projects is less compared to literature pertaining to later project phases. There are several international studies on cost overruns in public projects. These are elucidating challenges and potential ways for improvement. However, for most of these studies the empirical data come from budgets set closer to the project execution phase, rather than from the front-end phase. In general, both older and more recent international literature shows that major cost overruns are the rule rather than the exception for different types of projects and in different public sectors, as opposed to results from Norwegian studies on the State Project Model. One of the studies reviewed stated that the cost overruns have decreased over the years, contrasting former findings.

There are several complex reasons for cost overruns. Some authors divide the reasons into four categories: technical (e.g., insufficient data, honest errors), economic (deliberate underestimation based on perverse incentives, or originating from strategic behaviour), psychological (overoptimism) and political (deliberate underestimation of costs, to secure the start of a project).

Two main explanations for unrealistic early cost estimates have developed over the years. One explanation is based on behavioural biases and hold strategic misrepresentation and optimism bias as the most probable causes. The other explanation is based on inaccurate prerequisites following the front-end uncertainty and project immaturity which impose changes upon the cost estimation process. We argue that both explanations are needed to account for the unrealistic early cost estimates. This is due to multiple challenges faced in this process such as lack of information, project immaturity and lack of continuity combined with different understandings and expectations.

The literature review was conducted by searching three databases. Main contributions came from construction or infrastructure projects. We did not find any literature reviews explicitly covering practices of front-end estimation. The scientific papers included in our study share references to some form of methodological contributions for front-end estimation and report the use of empirical data in some form to test and evaluate different methods and actions for improved accuracy of the early cost estimate. Studies covering cost overruns and practices for cost control in later project phases are more abundant than contributions covering the front-end phase. Thus, there is lack of knowledge regarding cost estimation in the front-end phase.

### **Interviews, seminar, and main findings**

Our informants were skilled and experienced in cost estimating both as project participants and as external quality assurers. The informants were unison in describing cost estimation in the front-end as demanding. In the following, we present highlights from the study findings:

Increasing complexity: Generally, findings show that the projects are becoming more complex and comprehensive. The complexity can be attributed both to an increasing project scope and to technological development, both affecting the cost estimation. The need for interdisciplinary teams including subject matter experts is more pronounced and cost estimation methods are more sophisticated. Finding the right level of competence is a challenge.

Larger and more differentiated groups carrying out the estimation require good coordination and communication between the parties. Challenges also exist due to different use of terminology and a risk of being too engaged and being too focused on details regarding one's own field of expertise. Thus, it becomes important to ensure a mutual understanding of the project by providing a common terminology and knowledge-based guidelines. Furthermore, the importance of establishing the project's distinctive characteristics was highlighted. This was to provide a sufficient understanding of what needs to be done, and the needs pertaining to the cost estimation process in order to produce the best possible estimate.

Too optimistic regarding project maturity: The projects' level of maturity is mentioned by the informants, claiming that the level of optimism regarding project maturity often seems too high. This may lead to misjudgements of the estimate's uncertainty. Only one of the public agencies has tested tools for assessing project maturity.

Need for documentation: The importance of documentation throughout the entire process of cost estimation is emphasised. Lack of documentation makes it more difficult to check and understand the initial prerequisites and assumptions. Documentation practices vary among the public agencies, but our informants point to a considerable potential for improvement.

Clear prerequisites are important for a good point of departure: The prerequisites should be as clear as possible to enable a sound starting point for the cost estimation. The contextual uncertainty that characterises the front-end phase makes the situation unclear. Although this is regarded as natural by the informants, they stress the importance of acknowledging the front-end's inherent uncertainty and having a plan for how to handle it. An explicit understanding of the need

triggering the project and clear descriptions of the project scope are necessary for being confident regarding what to do. Poor descriptions regarding scope and needs may lead to subsequent substantial costly changes.

The opportunity to make a genuine conceptual choice: The purpose of the front-end phase is to make a conceptual choice. Several informants indicated that there is no opportunity to make a genuine conceptual choice due to what seems like predetermined choices of an actual solution. It was pointed out by the informants that the concepts are too similar and that the front-end phase becomes more of a budgetary cost estimate, rather than an effort to lay the grounds for making a conceptual choice.

The consistency is challenged: The State Project model is sequential and requires consistency between the different phases. Since the projects are time-consuming and increasingly complex, the needed consistency is challenged. Our findings indicate lack of consistency both regarding personnel, expertise, documentation, and communication. All these factors are needed for making the cost estimation process as good as possible, and at the same time being able to handle the inherent uncertainty by providing enough time to perform iterations, to increase the cost estimate's precision. Even if the informants advise the use of top-down approaches for early estimates and to avoid early detailing levels, this happens. The reasons for this unfortunate practice are ambiguous. However, the informants point at a tendency to navigate the inherent uncertainty by using what is at hand and to quantify the quantifiable. Another reason may be the decision-makers need or wish for relating to one fixed or precise number.

Varying uncertainty analyses: All public agencies carried out uncertainty analyses. However, the practices and experiences vary. Common to all informants was that this is one of the most difficult things to do during the cost estimation process. Some agencies possess the competence and resources to perform the analyses, while others need external expertise. The informants also indicated that the uncertainty analyses should be adapted to the project phases. The aim would be to enable a growing level of details following the growing project maturity. Further, the informants point at challenges in communicating the uncertainty, especially when linked to the range of uncertainty and how this could be used to outline a potential outcome.

The use, systematics and sharing of historical input data: There is a considerable potential for improvement regarding the use, systematics and sharing of historical data. The informants described that historical data are largely linked to local and informal systems and to individual competence and experience. There is little

sharing and exchange of information between the public agencies or between the agencies and the external quality assurers.

Thus, the findings highlight several challenges that keep us from making realistic front-end estimates. The informants further exemplified good practices and measures for accommodating these challenges, e.g., enabling the project to mature gradually and to provide sufficient time to make iterations of the estimate, avoiding a high level of details in early project phases, clarity and documentation regarding prerequisites and communication among the different project levels regarding prerequisites and uncertainty, developing a culture for using and sharing historical input data and having a robust system for project governance.

### **Recommendations and conclusion**

Despite a multitude of challenges regarding front-end estimation, most informants agree that early cost estimates have improved and become more realistic. Over the years, the estimators have gained more experience and knowledge regarding different pitfalls in early estimation, and early cost estimation has become more professionalised.

The last chapter of this report presents recommendations for making good cost estimates in the front-end related to the prerequisites, the cost estimation process, and the deliveries.

Finally, we present the conclusion by answering the research questions regarding how correct and sufficient information for cost estimation in the front end be ensured, and which methods and practices that have a potential to provide realistic estimates in this phase of a project. To ensure a sufficient basis of information, the agencies should make sure that historical input data are accessible, which has a considerable potential for improvement. Additionally, it essential to avoid predetermined solutions to the problem at hand. The project should be given sufficient time to mature before the conceptual choice (including costs and uncertainty) is made. Further, the front-end requires simple and fast methodological approaches. Some approaches are well-defined, but we also need new methods, and the ability to assess the estimate's reasonableness.

# 1 Innleiing


Å estimere kostnaden for store komplekse investeringsprosjekt er krevjande. Det set mellom anna store krav til å kunne forstå interessentar og deira posisjonar, forstå komplekse tekniske samanhengar og mål som flyttar seg, og lage kostnadsmodellar under høg grad av usikkerheit. Det krev mykje kompetanse og erfaring å forstå korleis slike tiltak vert planlagde, organiserte og leia gjennom heile livsløpet til prosjektet, korleis marknaden vil respondere på kontraktutlysingane, og korleis ein skal kunne omsetje dette i eit realistisk kostnadsestimat.

## 1.1 Dokumentert prestasjonsnivå i estimering

Concept-programmet har dokumentert, gjennom ei rekkje studiar og rapportar, at vi i Noreg har klart å kome opp på eit toleleg bra nivå når det gjeld kostnadskontroll frå vedtatt budsjett til sluttkostnad for dei store offentlege investeringsprosjekta finansierte av staten. Når Stortinget tar den endelege investeringsavgjerda gjennom fastsetting av kostnadsramme, kan dei folkevalde vere rimeleg trygge på at ramma skal halde. Nokre prosjekt vil alltid oppleve overskridingar. Viss ikkje har vi sannsynlegvis lagt lista for høgt og bandlagt for mykje pengar.

I det store og heile er kostnadskontrollen i store statlege investeringsprosjekt god. I snitt vert om lag 75 prosent av prosjekta gjennomførte innanfor kostnadsramma (Welde og Klakegg, 2022; Welde mfl., 2019). Avviket frå styringsramma (P50) er nokså moderat berre 4-5 prosent. Likevel finst det eit område der vi framleis slit: dei aller tidlegaste kostnadsestimata.

Figur 1-1 viser kostnadsutviklinga i eit utval vegprosjekt der kostnadsestimat på ulike stadium er målte mot sluttkostnaden. Figuren er frå ein studie gjort av Welde og Odeck (2017), som dokumenterte at kostnadsauken i dette utvalet av vegprosjekt i snitt var 30 prosent frå prioriteringa i Nasjonal transportplan (NTP) til endeleg avgjerd om å investere. Slike observasjonar viser at det er behov for meir kunnskap om kostnadsestimering i tidlegfasen.



**Figur 1-1 Avvik frå sluttkostnad i ulike prosjektfasar (n = 13), (basert på Welde og Odeck, 2017 s. 625)**

Tidlegfase i eit prosjekt startar med det første initiativet og omfattar perioden heilt fram til formell avgjerd om å investere. Mange prosjekt vert greidde ut og diskuterte i fleire tiår. I løpet av denne tida, vert det gjerne utarbeidd ei rekkje kostnadsestimater, ofte av varierende kvalitet. I den uformelle delen av tidlegfasen, kan kostnadsauken vere stor. Welde mfl. (2014) dokumenterte at kostnadsauken frå det aller første initiativet kan vere opp mot 1000 prosent målt i faste kroner. Kostnadskontrollen ventast å verte betre etter at prosjekta kjem inn i ein formell plan- og utgreiingsprosess. Til trass for det, held kostnadene gjerne fram å auke slik figur 1-1 viser.

Statens prosjektmodell representerer eit forsøk på å formalisere tidlegfasen gjennom krav til innhald i utgreiingane og kvaliteten på dei. Sjølv etter innføringa av eit formelt kontrollpunkt gjennom KS1 i 2005, har kostnadsauken i prosjekta si forprosjektphase halde fram. Forskningsprogrammet Concept har vist at kostnadsauken mellom KS1 og KS2 har vore ganske stabil på rundt 40 prosent (Jordal, 2019). I NTP 2018–2029 viste transportetatane at vegprosjekt som var prioriterte i NTP 2018–2029, og som også hadde vore prioriterte i NTP 2014–2023, hadde hatt ei gjennomsnittleg kostnadsauke på om lag 40 prosent. Den tilsvarende kostnadsauken for jernbaneprosjekt var 30 prosent. For byggeprosjekt fann Ulstein mfl. (2015) ein auke på 60 prosent mellom KS1 og KS2. Kostnadskontrollen etter KS2 er derimot rimeleg god som også figur 1-1 viser.

I Forsvaret, er grunnlaget for analysen av usikkerheit basert på ei kalkyleinndeling i åtte postar, i tillegg til ei rekke underpostar. Ein utarbeider ein grunnkalkyle som viser sannsynleg kostnad gjennom eit tripplestimat for alle kalkyleelement. For materiell, er leiing av usikkerheit eit eige kompetanseområde i PRINSIX. Forsvarsmateriell har eige personell som skal støtte i gjennomgang av usikkerheit, og estimeringsprosessen er to-delt. Den kvalitative delen er sett saman av gruppeprosessar og leiing av usikkerheit. Talet deltakande i ein gruppeprosess er normalt mellom fem og tolv personar. Prosessleiar er i dei fleste tilfella intern, men kan også vere ein ekstern konsulent innleigd gjennom rammeavtaler. Prosessen varer normalt ein til to dagar avhengig av storleiken og kompleksiteten på prosjektet. Den andre delen av estimeringsprosessen er kostnadsleiing, der ein gjennomfører kostnadsestimeringa.

Når det gjeld å kome fram til mest sannsynleg verdi i grunnkalkylen, finst det lite statistikk for dei fleste av materiellprosjekta. Forsvarsmateriell nyttar i stor grad førespurnader til industrien både rundt løysingar og kostnadsbilete, og nyttar i mindre grad prisdatabasar med oversikt over historiske prisar. Dette skuldast at kvart enkelt prosjekt i forsvarssektoren i større grad er «unik» eller så spesielt at

ein ikkje utan vidare kan samanlikne med tidlegare prosjekt. Mange av dei store forsvarsprosjekta representerer også store teknologiske løft som følge av lange utviklingsløp. Derfor er det heller ikkje nokon systematikk i at forsvarsprosjekt ser på erfaringsrapportar frå andre prosjekt i estimeringsprosessen (Welde og Torp, 2016). For Forsvarsbygg, er mogelegheita for å innhente relevante erfaringsprisar større, som kan kome frå referanseprosjekt eller oppslag som til dømes Norsk prisbok.

Kvalitetssikring av kostnadsestimat i forsvarssektoren inneber ein høyringsprosess til relevante aktørar i sektoren før godkjenning av prosjektet. Denne prosessen inkluderer godkjenning av kostnadsestimata.

### **Jernbane**

Jernbanedirektoratet har ein eigen rettleiar for kostnadsestimering i tidlegfase, *Veileder-kostnadsestimering i tidligfase* (Jernbanedirektoratet, 2019), som forankrar korleis Jernbanedirektoratet utfører og stiller krav til kostnadsestimering. Eit av føremåla med rettleiaren, er å hjelpe prosjektleiarar til å stille krav til estimeringsfunksjonen i prosjekta i idéfase og konseptfase. Vanlegvis vert estimata utarbeidde av eksterne konsulentar, men prosjekta må sjølve gjere kvalitetssikring.

Vidare er rettleiaren forankra i anerkjend praksis frå Association for the Advancement of Cost Engineering (AACE), Finansdepartementet sine rettleiarar og Jernbanedirektoratet sine styrande dokument elles. Rettleiaren viser til at val av metode for estimering skal baserast på modnaden i prosjektet, og deretter på til dømes bruksområdet for estimatet, forventa grad av nøyaktigheit og ressursbruk. Rettleiaren beskriv fem ulike estimatklassar, men Jernbanedirektoratet utarbeider berre estimat i klasse 4 og 5 sidan dei utelukkande arbeidar i tidlege prosjektfasar. Det er alltid modnad som avgjer kva for klasse som skal nyttast. Føremålet med estimatklassifikasjonen er å kople estimeringsprosessen med omfangsutviklinga og prosessen for avgjerd for eit gitt tiltak. Til dømes er klassane 5 og 4 typisk nytta i utgreiings- og konseptfase, og klasse 3 vert nytta i ein meir moden forprosjektfase. For klasse 5, har Jernbanedirektoratet definert ein forventa grad av nøyaktigheit til å variere frå -30 prosent på den låge sida til +60 prosent på den høge sida.

Rettleiaren viser også til at Jernbanedirektoratet nyttar seg av ei «top-down»-tilnærming i tidlegfase ved bruk av til dømes analog eller parametrisk metodikk. Vidare stiller ein krav til dokumentasjon av kostnadsestimatet. Sjølve estimeringsprosessen har fire steg: 1) *oppstart*, 2) *etablering*, 3) *analyse* og til slutt 4) *kvalitet i kommunikasjon*. I oppstartsdelan kartlegg ein føremålet med estimatet og kven som er ansvarleg, i tillegg til at ein vel metode og estimatklasse. I etableringssteget, hentar ein inn grunnlagsdata (teknisk underlag, prisar,

byggeklossar<sup>3</sup>), og reknar ut basisestimatet. I analysesteget, gjer ein deretter ei vurdering av rimelegheit og avsetting for usikkerheit, i tillegg til at estimatet vert dokumentert. Det finnast malar for både utarbeidingar av sjølv estimatet og for dokumentasjonen. I siste steg (kvalitet i kommunikasjon), gjer ein sidemannssjekk av kvaliteten på estimatet, i tillegg til at resultatet vert kommunisert ved hjelp av s-kurver og tabellar.

Det siste kapittelet i rettleiaren er kalla *Erfaringsstilbakeføring til Jernbanedirektoratet*, og handlar om korleis prisdatabasen og byggeklossane skal haldast ved like og oppdaterast: Jernbanedirektoratet samarbeider i stor grad med Bane NOR når det gjeld utarbeiding av estimat.

---

<sup>3</sup> Dagens byggeklossar i Jernbanedirektoratet er baserte på Bane NOR sine byggeklossar som vart utarbeidde i samband med InterCity utbygginga i Austlandsområdet/Sør-Norge (Jernbanedirektoratet, 2019)

## 7 Gjeldande praksis i prosjekta- resultat frå empirisk studie

I dette kapittelet presenterer vi resultatane frå den empiriske studien, baserte på intervju med etatane og dei eksterne kvalitetssikringsmiljøa. Det tek også med resultatane frå gruppediskusjonane og plenumssesjonen i seminaret som vart arrangert med deltakande frå ulike aktørar innanfor Statens prosjektmodell (der nokre av deltakarane var dei same som i intervju). Vi har gjennom dette arbeidet freista å gjere ei framheving og systematisering av ulike tema som informantane oppfatar som viktige og tidvis utfordrande i tidlegfaseestimering. Såleis tener denne studien som ei kartlegging av praksis og utfordringar, som beskrive innleiingsvis i denne rapporten. I framstillinga av funn og sitat viser vi til kor vidt desse stammar frå etat- eller kvalitetssikringssida, men for å ta vare på anonymiteten, namngir vi ikkje dei ulike sektorane.

Kapittelet er i hovudsak strukturert etter ei forenkling av figur 3-1.



Figur 7-1 Enkel systemmodell for estimering

Først presenterer vi generelle funn som strekk seg over alle elementa skisserte i figur 7-1, deretter peikar vi spesifikt på funn knytte til føresetnader, prosess og leveransar. Det er verd å merke seg at det ikkje er vasstette skilje mellom elementa i figuren, eksempelvis vil føresetnadene henge saman med initieringa av prosessen.

## 7.1 Generelle funn

Fleire av informantane som har vore med i kostnadsestimeringsarbeid over år viser til den ibuande kompleksiteten i prosessen, og at denne også har endra seg over tid til å verte enno meir kompleks/meir omfattande. Kompleksiteten visast att på mange måtar. Mellom anna stillast det større krav til samfunnsøkonomiske analysar, det er tydelege forventningar knytte til å inkludere berekraft og ikkje-prisette verknader og krav til medverking. Dette avspeglar på mange måtar den generelle utviklinga ein ser innanfor offentlege prosjekt, nemleg at dei vert større og meir komplekse/samansette, og at dette må takast omsyn til når dei skal planleggast. I tillegg ser ein at til dømes teknologiutvikling gjer produkt/løysingar stadig meir komplekse og integrerte, noko som fører til at det vi kan referere til som den tekniske kompleksiteten i prosjekt, også er aukande. Informantane held fram at det er viktig å finne det særleine i prosjekta for at ein skal få fram eit best mogeleg bilete av behova i kostnadsestimeringsprosessen, og på dette grunnlaget gjere eit best mogeleg estimat.

Aukande kompleksitet på fleire hald fordrar også andre/endra tilnæringsmetodar til kostnadsestimering. Ein ser aukande behov for tverrfaglege tilnærmingar, og der ein før kanskje berre var ein enkel estimator eller eit fåtal ekspertar som sat saman og nytta einingsprisar i estimeringa, samlar ein no fleire aktørar med spesialistkompetanse innanfor ulike felt for å freiste å gjere estimatet best mogeleg. Samstundes nyttar ein meir sofistikert metodikk og avanserte verktøy. Likevel vert det gitt eit inntrykk av at estimering i tidlegfase er ei tilleggsøving som ikkje har same 'status' som utvikling av løysingar og ingeniørarbeid.

Større og meir differensierte grupper fører også med seg nokre utfordringar, særskilt knytt til forståing og bruk av terminologi, og ikkje minst kommunikasjon mellom dei ulike partane. Det er også uttrykt at ein fare med å inkludere ekspertise knytt til det einskilde prosjektet i estimeringsprosessen. Desse ekspertane kan ha ein tendens til å gå for detaljert til verks, og dei har sine egne insentiv som kan medføre at dei presenterer ønsker i stor grad. Sidan tidlegfasen i sin natur er prega av usikkerheit og lite informasjon, og når ein i tillegg ser at prosjekta vert meir komplekse, vert det særskilt viktig, men utfordrande, å sikre ei felles oppfatning av oppgåva ein skal løyse. Felles forståing for terminologi og tilgang til gode, kunnskapsbaserte retningslinjer for føremålet er også viktige verkemiddel i så måte.

Eit anna funn viser til modnaden til prosjektet, eller underlaget, og at ein ofte overvurderer kor mode prosjektet faktisk er. Informantane peika på at ein ofte er for optimistisk. Overvurdering av modnad kan føre til at ein trur at ein har

grunnlag for å detaljere prosjektet i større grad enn det som er reelt, og gjer at ein estimerer på feil føresetnader. Dette kan igjen kamuflere modnadsnivået. Slik fell ein inn i ein vond sirkel som slår uheldig ut kring forståinga av usikkerheita knytt til estimatet. Det er elles lite aktiv bruk av teknikkar for betraktning av prosjektmodnad i etatane. Ein etat (Statsbygg) har derimot testa ut dette, og representantane frå etaten meiner at dei har hatt grei nytte av verktøyet for å kartlegge modnadsnivå så langt.

Vidare er viktigheita av dokumentasjon gjennom heile prosjektutviklinga halden fram. Det er variasjonar mellom korleis etatane gjer dette, men generelt ser ein temmeleg klare indikasjonar på at det finst eit forbettringspotensial knytt til dokumentasjonen gjennom alle fasane. Manglande dokumentasjon eller kvalitativt dårleg dokumentasjon gjer at ein ikkje kan etterprøve, og det er også vanskeleg eller tidvis ikkje mogeleg å skjønne føresetnadene som er lagde til grunn, eller kva som er pårekna. I same gata er det sagt at ein ofte opplever at intensjonen med prosjektet manglar. Informantane sa det slik:

«...ein skal vere detektiv for å finne ut av dette etterpå, kva meinte vi og kva tenkte vi i førekant.»

Kvalitetssikrar

«Vi har måtte grave ut kvifor dei gjer som dei gjer...»

Kvalitetssikrar

## 7.2 Føresetnader

Føresetnadene skriv seg både frå etaten og prosjektet. I etatane har ein føresetnader knytte til både struktur, kultur, ressursar (tid og personell) i tillegg til mandatet til prosjektet. Når det kjem til prosjektet i seg sjølv, må ein ha kunnskap og innsikt knytt til behov, mål, rammer og definisjon.

Noko av det som opplevast mest krevjande i den tidlege fasen av eit prosjekt, og som direkte influerer på kostnadsestimeringa, er definisjonen av prosjektomfanget. Mykje er usikkert og uklart på dette tidspunktet, så ein må ofte gjere ting i god tru og basere seg på føresetnader som kanskje ikkje alltid er like tydelege. Dei fleste er samde om at dette er ein naturleg del av kostnadsestimeringa i denne fasen av eit prosjekt og noko ein må forvente, men at spørsmålet heller er korleis vi handterer kva som er antatt. Informantane held vidare fram at det er viktig å vere trygg på kva ein skal gjere gjennom å forstå behovet prosjektet skal stette, prosjektet sine utløysande faktorar, problemet som skal løysast. Har ein ikkje ei relativt klar

oppfatning av omfang og behov, vil dette mest sannsynleg føre til store og kostnadsdrivande endringar seinare. Til dømes er det trekt fram at dårlege beskrivingar av behov gjer analysen av usikkerheita vanskeleg.

Som tidlegare nemnt, er ein av fasettane i prosjekta sin aukande kompleksitet knytt til dei mange interessentane som på ein eller annan måte er involverte i prosjektet. Alle interessentane må handterast, og det er viktig å sameine dei ulike perspektiva dei ber med seg for å skape ei felles forståing. I dette ligg mellom anna behovet for å kunne erkjenne og kommunisere usikkerheita ein er omslutta av. Det er halde fram som vanskeleg å etablere ei forståing for spennet i usikkerheita ein opererer med.

Føremålet med den tidlegaste prosjektfasen, her meint som perioden fram til KS1 (sjå også figur 6-1), er å utgreie og legge grunnlaget for at regjeringa skal kunne gjere eit konseptval som skal vidareførast gjennom forprosjektet. Dette må gjerast tidleg nok til at ein kan ta reelle, konseptuelle val innafør eit mogelegheitsrom definert av behov, mål og krav (jf. Samset mfl. (2013)). Mange av informantane viser derimot til at ein ikkje gjer reelle konseptval i denne fasen, då valet verkar å vere tatt på førehand. Ein av informantane uttrykte det slik:

«Eg ville ikkje sagt at det er eit KS1-prosjekt, for vi har valt løysinga allereie»

Etat

Denne fasen av prosjektet vert då meir som ei rein kostnadsestimering heller enn ein framstøyt for å kunne gjere eit faktisk val mellom ulike konseptuelle løysingar på det behovet prosjektet skal stette. Det er påpeikt at desse betraktningane også spelar opp ein diskusjon kring kva ein skal vurdere. Skal ein vurdere direkte kostnader, eller skal ein sjå på og vurdere ulikskapane mellom konsept?

Det er vidare halde fram at det ikkje er grunnlag for å vere eksakt på kostnaden i denne fasen av prosjektet. Ein kan derimot vere tydeleg på kva som skil ulike alternativ. Det er også framheva av informantane at det ligg til konseptvalet sin natur at det er grunnlaget for avgjerd, og ikkje det eksakte kostnadsestimatet, som er viktig for å gjere valet. Utfordringa knytt til å prise usikkerheita mellom konseptval og forprosjekt er også problematisert. I tillegg kjem utfordringa som ligg til kommunikasjonen om dette.

## 7.3 Prosess

Proessen famnar om det vi treng inn til estimeringa, sjølv rekneoperasjonane og resultatet vi får ut frå dei. Mellom anna treng vi eit føremål med estimeringa,

relevante erfaringsdata og kompetanse til å tolke og bruke dei. Vidare treng vi estimeringsekspertise, hensiktsmessige system og metodar. Sjølv kostnadsestimeringa inneber å velje eigna metode, definere kostnadsmodellen til prosjektet, involvere ekspertar som skal delta med vurderingar og syn på usikkerheita som estimatet inneber. Ut frå estimeringa kjem eit resultat som må dokumenterast og kommuniserast til dei som treng denne informasjonen.

Prosessen kring kostnadsestimeringa vert sett på som tidkrevjande. Dette utfordrar behovet for konsistens som følgjer Statens prosjektmodell. Lang tid betyr at det kjem endringar, teknologien utviklar seg, ressursar blir opptekne med andre oppgåver. Det er ønskeleg med ein systemanalyse som bygger på ei logisk samanhengande kjede av utgreingar og analysar (jf. Samset mfl. (2013)). I praksis kan dette vere vanskeleg å få til. Intervjua gir indikasjonar på at denne konsistensen manglar, både når det gjeld personell, kompetanse, dokumentasjon og kommunikasjon.

Det er vist til at ein bør legge særskilt innsats i å finne ut kva kompetanse som trengs i estimeringa, då rett samansetjing og nivå på teamet som skal gjennomføre den er essensielt for utfallet. Dette kan vere ei utfordring for prosessen, då ulike profesjonar tenker ulikt- nokre er til dømes meir konseptuelle, medan andre kan vere meir konkrete. Den menneskelege faktoren er viktig, og ulike miljø/interessentar kan ha diametralt ulike syn og oppfatningar kring prosjektet. Dette stiller store krav til kompetansen til den som skal leie prosessen. Prosessleiaren må ha god kunnskap og erfaring, tore å utfordre og ha evne til å få ekspertane til å kommunisere ope. Prosessleiaren må også ha pondus nok til å gjennomføre når det blir dårleg tid og høg temperatur i debatten i estimerings- og analyseteamet.

Kommunikasjonen mellom dei ulike interessentane kan også vere ei utfordring. Ulik forståing og bruk av terminologi gjer dette vanskelegare. Det er også vist til at kommunikasjonen med prosjekteigar og dei som er ansvarlege for avgjerdene tidvis er ei utfordring. Dette peikar på ei årsak til manglande på konsistens. Estimeringsteamet veit ikkje alltid kva informasjon som går vidare og til kven, eller korleis det vert lagt fram etter at dei har levert resultatet. Dokumentasjonen spelar derfor ei særskilt viktig rolle for spørsmålet om konsistens. Det må mellom anna gå klart fram kva føresetnader som ligg til grunn for prosjektet og estimata. Sjølv om estimatorane gjennomfører det dei skal, får dei ofte ikkje følgje prosjektet vidare. Derfor får dei ikkje tilbakemelding på kor gode vurderingar dei har gjort.

Informantane peika også på at kompleksiteten og usikkerheita i den tidlegaste prosjektfasen gjer noko med prosessen. Tidvis kan ein oppleve at det vert

gjennomført detaljerte utrekningar på dette stadiet trass i manglande informasjon. Det er halde fram som viktig å ha eit heilskapsperspektiv og gjere ei overordna tilnærming, og erkjenne at ting er umodne på dette stadiet.

«...kunne ein sikkert vore mykje meir lettbeint og kreativ i metodane. Kva ein skal ha som eit sluttprodukt; har tendens til å dukke ned i djupna med ein gong, snever metodisk, tør ikkje heilt å sjå breidda i tidlegfase, får ikkje heilt utgangspunktet-om ein ser om ein er på rett veg»

#### Kvalitetssikrar

Ein ser altså tendensar til at ein dukkar for djupt for tidleg. Årsaka til dette er ikkje eintydig, men delar av forklaringa kan ligge i at ein brukar det ein har og talfestar det ein kan. Mange brukar det som ein måte å navigere i usikkerheita på. Andre forklaringar kan botne i ytre krav til prosjekta. Til dømes knytt til ønske om å demonstrere progresjon, eller behov for tydelegheit framstilt bodskap. Eit døme er ønske frå dei som er ansvarlege for avgjerdene om å få presentert *eitt* tal. Dette er frå dei fleste hald sett på som uheldig. Det kan kamuflere ibuande usikkerheit og manglande modnad, og framstille prosjektet som meir 'gryteklart' enn det faktisk er, noko som fører til at ein ikkje får estimert godt nok og avgjerder vert tatt på feil grunnlag.

Det er vidare peika på at estimeringa må vere ein iterativ prosess, og ikkje ei instrumentell tilnærming i denne delen av prosjektet. Dette er krevjande, men må til gitt den konteksten ein står i. Mange informantar peikar på behovet for å nytte «top-down»-tilnærmingar. Andre legg til at ein bør 'halde seg høgt' lenge, dvs. før ein startar å detaljere estimatet.

Metodisk er det halde fram at utfordringa ikkje ligg til sjølve reknemetoden, men snarare til grunnlaget ein skal estimere på. Nokre peikar også på at ein fram til KS1 er metodisk snevre. Det vert sagt at ein gjer ting temmeleg likt som for KS2 trass i at prosjektet då er klarare definert. Samstundes er det også nemnt at estimeringa i tidleg fase er laus og tilfeldig, og at dette er med på å skape urealistiske forventingar. Ein av informantane sa det slik:

«...godheita i estimata har med interessentkunnskapen å gjere og evne til å handtere framtidig usikkerheit»

#### Etat

Metodisk vert det vist til at mykje av estimeringa er basert på påslagsprosentar, og at denne prosenten varierer mykje. Det varierer kor djupt ein går ned på

einskildpostar og korleis ein vektar mellom postane. Korleis ein handterer uspesifiserte kostnader varierer også mellom sektorar og prosjekt. Eit grunnleggande problem her er at ein ikkje har gode erfaringstal til å hjelpe seg særleg med i dette arbeidet. Idealet om «fakta på bordet» er det framleis sjeldan ein når.

Det er også nemnt at ein kanskje er for snare til å nytte etablerte strukturar som ein alltid har nytta også for tidlegfaseestimeringa. Dette kan verte sjablong-messig og dårleg tilpassa det faktiske behovet i denne fasen.

Fleire informantar viste til at det ligg ein fare i å rekne bort usikkerheita gjennom modellar og verktøy ein har tilgjengeleg. Dette skjer når ein går for mykje ned i detalj.

Det er hevda frå informantar at ein har eit vakuum mellom KS1 og forprosjektet. Det vert vidare hevda at det er ein 'skrikande mangel' på gode verktøy i overgangen frå stokastiske kalkylar basert på «top-down» tilnærming, og fram til fasane der ein nyttar deterministisk «bottom-up» tilnærming.

«...når prosjekta utviklar seg frå ein tanke til eit forprosjekt[...] ventar ofte på at nokon skal lage eit talgrunnlag som vert sendt til byggkalkyle, og så får ein det i fleisen tilbake»

#### Kvalitetssikrar

Det er også halde fram at estimata ein gjer ikkje berre skal vere ein spådom kring kva ting kjem til å koste, men også eit uttrykk for kva det 'bør' koste. Med andre ord skal ein kunne trekke ut kunnskap om kva som er eit «rett» og «realistisk» kostnadsnivå for den aktuelle løysinga.

### **Analysar av usikkerheit**

Analysar av usikkerheit gjennomførast i alle sektorar, men det eksisterer noko ulik praksis og erfaringar knytte til dette. Felles for informantane er likevel at analysen av usikkerheit er skildra som noko av det vanskelegaste ein gjer i denne prosessen, og det er sagt at analysen er like viktig som estimatet. Nokre peika på at analysen av usikkerheit først og fremst er viktig for å gi gode føringar for vidare prosess, og ikkje først og fremst for å uttrykke ein kostnadskonsekvens.

«Å kunne vise kva som skal til for å unngå uønskt utfall, uttrykke dette med tal og få dette inn i tornadodiagrammet, og vise kva forholda kan tyde - det er god pedagogikk.»

## Kvalitetssikrar

Likevel er det vist til at ein er noko umoden på gjennomføring og vidare bruk av resultatata frå analysen av usikkerheit. To av etatane viser til at dei hentar inn ekstern ekspertise til føremålet, eller set ut delar av analysen til eksterne.

Informantane var også inne på at metodikken for analysar av usikkerheit bør fasetilpassast, slik at detaljeringsgraden aukar i takt med modnaden av prosjektet. Det vart også åtvåra mot å tru at ein kan 'reparere' dårlege estimat gjennom analysen av usikkerheit, eller ta inn eit *for* breitt spekter av usikkerheiter sidan basisestimatet då vil verte for stort. Ein gjengangar var sagt å vere at ein veit at det kjem ein kostnad, men at denne er så vrien å estimere at ein 'heller tar han i analysen av usikkerheit', og så glepp han. Det er også vist til at ein 'surrar' litt med terminologien og forståinga av dei ulike omgrepa:

«Omgrepa er etablerte, men forståinga varierer... Mange som surrar med dette. Styringsramma er ikkje eit estimat.»

## Kvalitetssikrar

Andre informantar illustrerer at kommentaren over kan vere på sin plass. Ein sa at «Når det kjem til usikkerheitsstyring i gjennomføring, er det heilt ubegripeleg kor det varierer». Nokre informantar seier også at dei ikkje treng usikkerheitsanalyse. Vi går ut frå at dette betyr at vedkomande ikkje sjølv har nytte av analysen – ikkje at analysen ikkje skal vere ein del av prosjektutviklinga. Det vart i tillegg påpeika at det er «mismatch» mellom usikkerheitsanalysar fram mot avgjerda om investering og styringa vidare derifrå, noko som vert sett på som uheldig.

Kommunikasjonen kring usikkerheit er også oppfatta som utfordrande, særskilt knytt til å formidle spennet i usikkerheit, og korleis dette kan nyttast for å skildre eit potensielt utfallsrom. Det synest å vere ulike krav og ønsker uttrykte frå dei som skal ta i mot resultatet av kostnadsestimat og usikkerheitsanalysar.

## Erfaringstal

Kostnadsestimering er avhengig av truverdig informasjon om kva ting kostar. Bruk av erfaringstal i ei eller anna form er ei vanleg tilnærming innanfor kostnadsestimering for å ha eit utgangspunkt og grunnlag for samanlikning. Dei ulike sektorane har ulik tilgang og praktiserer bruken av erfaringstal ulikt. Til dømes er bruken av RFI'ar (Request For Information) frå marknaden utbreidd i forsvarssektoren. Informantane framhevar at erfaringstal frå gjennomførte prosjekt og/eller tilbods konkurransar er nyttige i estimeringsprosessen. Likevel er det frå fleire hald påpeikt at det er mykje å gå på når det gjeld systematikken i å

samle data frå ulike sektorar og kunne gjere seg nytte av desse. KS-miljøa, som ser prosjekt på tvers av sektorane, er i stor grad forundra over dårleg tilgang på erfaringstal.

«Tilgang til den type info, den type erfaringar, er såpass liten, og det forundrar oss.»

#### Kvalitetssikrar

Det er hevda at mykje av erfaringstala er baserte på «skuffesystem» og knytte til enkeltpersonar sin kompetanse og erfaring, og bruken av erfaringstal (der dei finst) er sagt å vere umoden. Det er liten grad av deling og utveksling av informasjon mellom sektorane, og mellom KS-miljøa og sektorane. Nokre viser til at dette kan skuldast konkurransesituasjonen, andre at ein er redd for at slike tal misbrukast/brukast feil. Det er stort potensiale for å forbetre kvaliteten på erfaringstala og bruken av dei for å kunne gjere meir realistiske estimat. Vidare er det halde fram at datasetta som finst, burde vere mykje meir strukturerte og kunne etterprøvast i mykje større grad. Ei anna problemstilling som er nemnt, er at dersom ein har erfaringstal, så finst det ikkje ei kjensle for nivået av dei.

«Utfordringa vi støyter på, er at vi har tal som kanskje ikkje er gode nok, ein veit ikkje kva ein brukar; eller at tala ikkje er relevante nok for gjeldande prosjekt...»

#### Kvalitetssikrar

Problemet som er uttrykt her handlar om at sjølv om ein har eit kostnadstal som synest å vere relevant, så veit ein ikkje føresetnadane som gjeld for talet. Dette gjer det vanskeleg å sikre korrekt bruk.

## 7.4 Leveransar

Leveransane frå estimeringsprosessen har fleire bruksområde, til dømes som underlag for avgjerder, for ekstern kvalitetssikring og vidare prosess gjennom Statens prosjektmodell, og som grunnlag for styring i seinare prosjektfasar som basis for meir eksakte estimat og kalkylar.

Som tidlegare nemnt i dette kapittelet, så er dokumentasjonen ei utfordring. Denne vert oppfatta som for dårleg, og det er vanskeleg å finne føresetnader som er lagde til grunn for prosjektet. Vidare er også kommunikasjonen knytt til leveransen frå estimeringsprosessen utfordrande. Informantane viser til at det tidvis er vanskeleg å få ei forståing for at eit estimat nettopp er akkurat det, og dei

viser til at estimata vert oppfatta som absolutte og at 'bordet fangar' når ein først har presentert eit tal.

«Vart litt forvirra...Følte at eg sa eit tal, så var det det som gjaldt, ikkje at dette var eit estimat.»

Etat

Usikkerheita som ligg til estimatet er viktig å formidle til dømes til dei som er ansvarlege for avgjerdene. Dei som skal ta avgjerd må erkjenne usikkerheita, og samstundes forstå at kostnaden vil verte sikrare utover prosessen.

Sjølv om usikkerheita er stor i denne fasen av prosjekta, meiner majoriteten av informantane at ein ser ei positiv utvikling knytt til realismen i tidlege estimat. Ein er noko meir medviten på fallgruver i dette arbeidet no enn tidlegare. Vidare er det sagt at ein må vere opptatt av nivået på estimata for ikkje å bomme heilt. Her kan det vere nyttig å gjennomføre rimelegheitssjekkar eller kontinuitetssjekkar knytte til ulike postar eller disiplinær i prosjektet. Dei økonomiske rammene til prosjekta vert oppfatta som veldig viktige og 'stive'. Krava til å halde seg innafor ramma er større no enn tidlegare, og endringar i prosjekta fell ofte på brukar (brukar må jobbe med det dei får). Ein av informantane viste til at det kanskje har gått *for* langt med tanke på kostnads- og styringsramme. Ein gløymer kanskje at kostnadene også drivast av anna enn medvitne val, og at det også er samheng mellom prosjekta i porteføljen som alle skal styrast.

Korleis estimata kan nyttast til vidare styring er uttrykt som vanskeleg. Og om ein bommar på kostnadsnivået, treng det ikkje vere estimatet det er noko gale med, det kan også vere styringa. Det er halde fram at det er ganske stort press på å halde KVVU/KS1-estimata og heller skalere ned omfanget, enn til dømes å be om meir pengar. Det er større fokus på dette no enn tidlegare også. Kanskje var framdrift meir i fokus før, men no er fokuset i større grad på å halde kostnaden, også som følge av mellom anna politiske signal. Manglande konsistens mellom estimatorane sine føresetnader og prosjektet vidare er også halde fram som problematisk. Det er vidare peika på at heilskapleg styring burde gi betre prioritering av nytte, og at ein skulle fått finansieringa når ein *treng* denne, slik at det vert mest mogeleg rett i høve til prosjekt og behov. Tidsperspektivet er langt, og ein treng kanskje ikkje pengane akkurat der og då, og som ein av informantane sa:

«...ein spelar departementet dårleg ved å krevje eit beløp ein ikkje treng der og då.»

Kvalitetssikrar

Informantane vart også spurde om korleis dei handterer livsløpsperspektivet i prosjekt i den tidlege fasen. Her er det vekslende praksis mellom sektorane, nokre har det med, andre ikkje. Der er vist til at dersom dette ikkje får fokus tidleg, så får det heller ikkje så mykje fokus i det vidare. I ein av sektorane vert dette gjennomført av andre enn dei som estimerer, medan det for ein annan sektor vert gjennomført i effektutrekningane. Frå KS-miljøa er inntrykket at hovudfokuset i tidlegfasen ligg til investering, og at fokuset på livsløpsperspektivet er gjennomgåande dårleg.

«Investering ‘rular’ [...] Effekten av investering ser vi med ein gong. Drift ikkje så ‘hot’.»

#### Kvalitetssikrar


Sett frå estimatoren sitt perspektiv er det ikkje råd å sikre at resultatata frå estimeringsprosessen og usikkerheitsanalysane blir forstått og brukte rett. Det må vere eit klart ansvar for dei som tar mot resultatata for vidare utvikling å sette seg inn i føresetnadene og dei estimata dei overtar ansvaret for. Oppdragsgivarane og dei som skal ta avgjerder har eit sjølvstendig ansvar for å gjere seg kjende med omgrepa og framstillingane slik at dei kan bruke underlaget rett når dei tek avgjerdene.

## 7.5 Utdjuping og konkretisering av funna

Funna skildra i føregående delkapittel, kjem i all hovudsak frå intervjuja gjennomførte med etatane og KS-miljøa. Gjennom seminaret som vart arrangert i etterkant av intervjurundane, vart preliminare funn presenterte med føremål om å utdjupe desse og vidare konkretisere dei i så stor grad som mogeleg. Dette vart gjennomført som beskrive i kapittel 4, der vi bad deltakarane om å drøfte kva dei fann mest krevjande eller utfordrande, kva som vart opplevd som dei viktigaste skilja mellom etatane og til slutt kva gode erfaringar ein har eller kva som opplevast å fungere i praksis.

### Mest utfordrande

Dei største utfordringane, eller hindera for realistisk estimering i tidlegfasen, er summerte opp i figur 7-2. Seminardeltakarane identifiserte sju punkt dei meinte var viktigare enn andre for å oppnå gode kostnadsestimat som grunnlag for avgjerder og styring. Punkta i figuren er ikkje i prioritert rekkefølge. Dei er forklart noko meir inngåande i det vidare.



Figur 7-2 Dei største utfordringane (hendera) knytte til realistisk estimering

### Definere omfanget – kva skal estimerast?

Alle aktørane nemnde at omfangsdefinisjonen er utfordrande. Alle punkta som kjem etter dette, heng på ein eller annan måte saman med omfanget. Prosjekta er ikkje modne på det tidlege tidspunktet vi drøftar her. Dette gjer at omfanget er veldig usikkert. Det er utfordrande å få med alle innsatsfaktorane og sjå heile biletet. Ein skal oppnå effektmåla, men det er ikkje klart korleis dette skal gjerast. Tidlegfasen er ein læreprosess der ein gradvis blir kjent med omfanget gjennom utgreiingar og utfordring av føresetnadane. Dette må ta litt tid.

Ein ser også nokre skilnader mellom sektorane knytt til dette punktet. Til dømes innanfor forsvarssektoren ser ein at ein tidvis har ferdig definerte prosjekt tidleg, slik at ein gjer ein tidleg definisjon av ei spesifikk løysing. Fordelen er at tidlege estimat kan vere relativt presise, og såleis vert det enklare å treffe godt på kostnad, men det avgrensar moglegheita for å gjere eit reelt konseptval. Det er vidare liten kontroll på om ein leverer det som var planlagt i utgangspunktet. Frå fleire informantar er det halde fram at ein må finne prosjektet sin særeigne karakteristikkk for å auke forståinga av omfanget. Det er også vist til at etatane har ulike prosjekt i porteføljane sine, der nokre er enklare å estimere enn andre. Trenden er at ein får fleire unike prosjekt, som er dei som er mest krevjande å estimere. Samstundes åttvarar ein mot å gjere seg for unik, slik at ein til dømes trur at ein ikkje kan samanliknast med andre prosjekt.

**Unngå å setje mange implisitte føresetnader – det skjuler usikkerheit**

Uklar prosjektdefinisjon er ofte tilfelle i tidleg fase. Ofte må og kan ein gjere ei rekkje føresetnader. Det er viktig at ein er klar over desse, dokumenterer dei og kommuniserer dei, og ikkje lar dei vere skjulte eller forventar at dei er underforståtte. Alle føresetnader bør tydeleggjerast og dokumenterast. Manglande konsistens gjennom prosjektet, til dømes knytt til bytte/rullering av personell, gjer at det er eit stort behov for å vere tydelege og opne kring føresetnadene som er gjorde. Berre på den måten kan prosjektet trygt førast vidare gjennom fasane. Informantane viser til dømes til at kostnadene er laust definerte med få føresetnader, medan estimata er spesifikke og har mange føresetnader. Dette medfører at kostnadene kan bli for låge og spennet for snevert.

**Politisk dimensjon – anten det er låste kostnadsbeløp eller førehandsbestemte løysingar**

Den politiske dimensjonen er ein av dei tydelegaste avgrensingane i moglegeheitsrommet for utarbeiding av konsept. Dette er ytre faktorar som prosjektet ikkje rår over, men må handtere. Det politiske nivået har mandat til å ta avgjerder som blir krav og føresetnader til prosjekta. Dette skulle ikkje i og for seg vere eit problem for estimatorane. Dei kan rekne på kostnads-konsekvensen. For prosjektleiaren og dei ansvarlege for å gjennomføre kan det sjå heilt annleis ut. I den grad dei politiske krava og føresetnadane ikkje er i samsvar med det prosjektet meiner er realistisk for å kunne gjennomføre eit vellukka prosjekt så skaper dette frustrasjon og konflikt om prioriteringar. Det kan også sjåast som eit problem for omdømmet til statlege etatar og staten som prosjekteigar.

**Kompleksiteten i prosjektet og modninga i prosjektet (underlaget)**

Kompleksitet og modning heng saman. Kompleksiteten er knytt til både storleik og det særeigne i prosjekta, til kompetanse og mangfaldet av interessentar, til teknologien og organiseringa. Forståing av kva tidlegfasen er og skal føre fram til, kan sortere under modnad, også når det gjeld ansvarlege for avgjerder som sit eksternt til prosjektet. Ein ser at fokuset på den tidlegaste fasen er annleis no enn tidlegare. Før var det ei haldning til at 'det er frå KS2 som gjeld'.

**Ønske om å presentere/få presentert eitt tal med to strekar under**

Ønske om konkretisering til dømes frå dei som har ansvaret for avgjerdene, påverkar estimeringsprosessen. Å estimere eit konsept bringar med seg stor grad av usikkerheit. Usikkerheita utgjer risiko for utfallet av prosjektet. Det vert hevda at ein estimerer for snevert i tidleg fase, slik at utfallsrommet vert for lite.

På den andre sida er det ofte uttrykt ønske om å få presentert eitt tal. Dette er sjølvsagt lettare å skjone og lettare å hugse samanlikna med å skulle få seg førelagt

eit estimat med tilhøyrande usikkerheit/spenn i kostnaden. I tillegg er det ei utfordring knytt til at tal har ein tendens til å feste seg. Eit slikt kjent kostnadstal medfører at naturlege endringar som følgjer av læring og at prosjektet modnar utover i prosessen. Konsekvensen kan vere at naudsynte endringar og forbetringar kan vere vanskelege å få forståing og gjennomslag for.

### **Kompetanse til å forstå tidlegfase**

Rett kompetanse og nok kapasitet i prosessane vart understreka av dei fleste aktørane i seminaret. Nokre viste til stadig utskifting av personell i estimeringsprosessane, og at det slik vert eit gap i kompetanse heile tida. Det er også vist til at ein har behov for erfaring i desse prosessane. Nokre sa det slik at ein heller ønska 'erfaringsbaserte ekspertar enn erfaringsbaserte tal'.

### **Gode data (særskilt der det er eingongsoppgåver)**

Vi har ikkje dei beste systema og verktøya for å ta vare på data. Det er store forbetringspotensial både med tanke på registrering, systematisering og deling mellom sektorane. Informantane viser til at manglande erfaringstal som bygger på kjent struktur er ei utfordring. Det er sjeldan ein har same struktur på sluttkostander som for estimata. Dette gjer det vanskeleg å finne relevante erfaringstal og krevjande å sikre at dei blir forstått og brukt rett.

I prosjekt som er unike eingongsoppgåver er dette sjølv sagt ei ekstra stor utfordring fordi det kan vere lite data å finne. Med aukande kompleksitet og storleik på prosjekta er det lett å oppfatte prosjekta som unike. Vi trur likevel det er mogleg å finne element på ulike detaljeringsnivå som kan samanliknast, sjølv om prosjektet som eit heile ikkje har nokon parallell i andre eller tidlegare prosjekt.

### **Skilnader mellom etatar**

Praksis og metode varierer mellom etatane. Nokre har realistiske oppfatningar av eigen kompetanse og leiger inn ekstern hjelp når det trengs. Andre ønsker å gjere dette sjølve på trass av manglande kapasitet. Nokre av etatane har mange prosjekt og har lang erfaring og mykje data. Nokre er jamt over flinke til å få fram spennet i usikkerheit, medan andre ikkje får fram realistiske spenn grunna mange unike prosjekt. Slike prosjekt gjer det vanskelegare å samle gode erfaringsdata.

Statnett seiast å vere treffsikre. Dei er eit statleg eigd selskap som er eigenfinansiert, og har ein annan finansieringsmodell enn dei andre etatane. Kvifor det er slik, kan ein ikkje seie sikkert. Dei andre etatane opplever stor kostnadsauke mellom KS1 og KS2. Ein ser at det er ulik modnad i KVU/KS1. Nokre etatar har KVU der løysinga er avgjort på førehand, medan andre har større fridomsgrader og høve til reelle val. Nokre etatar har ein annleis tidsakse enn dei andre. Til dømes samferdsel der ein har etterfølgande reguleringsprosessar som påverkar.

Det er også ulike styringsutfordringar i etatar og sektorar. Nokre er rammestyrte og har stor breidde i porteføljen, medan andre styrast på einskildtiltak, det vil seie kvart prosjekt for seg.

Etatane viser også til at dei kommuniserer ulikt kring usikkerheit. Dei fleste etatane viser til eitt tal, medan Statnett til dømes, viser eit spenn eksternt, men held seg til forventna kostnad internt. Erfaringar frå andre sektorar er at om ein gjev opp eit spenn, så vert ramma lagt på lågaste nivå.

Det eksisterer også skilnader knytt til kva dei ulike etatane vert målte på. Samferdsel vert målte på samfunnsøkonomisk nytte, medan forsvaret vert målt på kampevne/forsvarsevne. Forsvarssektoren viser likevel til at ein no i større grad vert utfordra kring direkte nytte og berekraft.

Til slutt kan ein nemne systemeffekten — det at alt heng saman med alt. Særskilt forsvarssektoren og jernbanesektoren peikar på denne effekten, men det vart hevda at denne effekten er i ferd med å påverke alle sektorar etter kvart som ein får meir integrert teknologi.

### **Kva fungerer i praksis?**

Då etatane og KS-miljøa vart bedne om å peike på kva for praksisar som fungerer best når ein skal estimere kostnader i tidlegfase, vart fleire punkt nemnde. Inntrykket er også at det ikkje eksisterte større usemjer mellom deltakarane kring desse punkta.

Behovet for å jobbe integrert og la estimering vere ein del av prosessen heile vegen vart framheva. Teama som jobbar med dette bør også vere integrerte gjennom heile prosjektutviklinga, og samfunnsøkonomisk analyse bør vere ein del av prosjektet heile vegen. Prosjekt bør modnast gradvis i takt med utviklinga av omfanget, og ein må få tid til å gjere fleire iterasjonar. Ein bør også unngå å kome med for detaljerte estimat tidleg. Det er også halde fram at ein bør ha dialog med erfarne folk *før* utgreiing og estimering. Eit anna poeng er å ha god dialog med brukarane, der det må vere lov til å seie nei når ein må seie nei.

Kommunikasjon mellom ulike interessentar er viktig og naudsynt, både med tanke på dei som tek avgjerdene og brukarane. Her gjeld det å kommunisere usikkerheita realistisk og ambisjonsnivået tydeleg. Dialogen og kommunikasjonen er også ein del av gode styringssystem, som er sett på som naudsynte for å handtere grensesnittet mellom ulike organisasjonsnivå.

Ein meiner at tidlegfasen inviterer til ei «top-down»-arbeidsform, og det er viktig å dokumentere føresetnader og vere tydeleg kring desse. Det er oppfordra til å

bygge ein kultur for å nytte erfaringstal, nytte triangulering og «benchmarke» mot andre prosjekt (bruke «outside view») for å vurdere potensielle utfall — kva er realistisk i lys av data og erfaringar frå andre prosjekt?

Byggekløss-modellen (nytta i jernbanesektoren) er vist til som nyttig og til god hjelp i tidleg kostnadsestimering. Det vert likevel understreka at det er viktig å halde metoden oppdatert med ferske og relevante kostnadstal. Det er også sagt at denne metoden fungerer best når prosjekta er nokså like. For samferdsel var det også nemnt at grunntilhøve bør sjåast separat. Eit problem her er at ein ikkje har finansiering til nok undersøkingar før prosjektet vert vedtatt. Dermed er ein dømt til å dra med seg (unødvendig) usikkerheit inn i gjennomføringa av prosjektet.

## 8 Refleksjonar, tilrådingar og konklusjon for betre estimeringspraksis

I dette kapittelet vurderer vi dei viktigaste funna, kjem med tilrådingar om kvar ein bør fokusere for å forbetre praksisen kring estimering i tidlegfasen av eit prosjekt.

Føremålet med denne studien var å setje lys på kva som skal til for å sikre eit riktig og tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag for å gjere realistiske kostnadsestimat i tidleg fase. Vidare skulle vi sjå på kva for metodar som er i stand til å føre oss dit, trass i ein kontekst prega av stor usikkerheit og lite informasjon. Desse forskingsspørsmåla er i utgangspunktet relativt teoretiske og nokolunde kontekstfrie. Eit samlande fellestrekk er tidlegfasen, som inneheld ei rekke markante utfordringar. Vi har heile vegen vore opptatt av praktisk nytte. Studien har på mange måtar resultert i ei kartlegging av praksis og utfordringar kring kostnadsestimering i tidlegfase. Framstillinga er eit forsøk på å balansere mellom teori og empiri. Resultatet vil forhåpentlegvis vere med på å auke bevissteita kring temaet hjå dei ulike aktørane.

### 8.1 Refleksjonar kring forskingsspørsmåla

I det følgjande reflekterer vi kring dei to forskingsspørsmåla våre om høvesvis informasjonsgrunnlag og metodeval.

Fleire av funna i denne studien stadfestar mykje av det vi ser omtalt som utfordringar og tankekrossar dokumenterte i litteraturen. I det følgjande drøftar og reflekterer vi kring funna våre sett i lys av teori og dei grunnleggande utfordringane knytte til estimering. Desse refleksjonane, saman med funna i seg sjølve, dannar til slutt grunnlaget for eit knippe tilrådingar til god praksis for tidlegfaseestimering.

#### Informasjonsgrunnlaget

##### Den usikre konteksten

Tidlegfasen viser seg på mange måtar som ein krevjande og utfordrande del av eit prosjekt. Dette er særskilt relatert til den store graden av usikkerheit i denne fasen, kombinert med at utfallet av dei vala ein gjer har så mykje å seie for suksessen til

prosjektet, og då særleg på lang sikt. Det er i eit langsiktig og heilskapleg perspektiv nytten for samfunnet viser seg. I store statlege prosjekt er dette det endelege og viktigaste målet med dei investeringane som vert gjorde gjennom prosjektet. Det er lite vits i å gjennomføre eit prosjekt til punkt og prikke (*gjere prosjektet rett*), om ikkje konseptet ein vel står seg på lang sikt og svarer for det behovet som utløyste prosjektet i utgangspunktet (*gjere det rette prosjektet*).

Ein kan finne fleire paradoks i tidleg fase av eit prosjekt. Eitt av dei, er at ein må ta viktige avgjerder på eit stadium der ein veit minst. Manglande informasjon er ei rotårsak til usikkerheita i tidlegfasen. Dette påverkar presisjonen på estimata og gjer resultatata ein kjem fram til usikre. Føresetnader kan endre seg og at det ein trudde og såg føre seg i utgangspunktet ikkje vert som ein først antok. Dette veit vi, men manglande informasjon gjer at vi ikkje kan vere sikre på at kostnadsestimater er rette. Ei anna rotårsak er manglande modning av omfanget til prosjektet. Dette gjer at ein enno ikkje er sikker på kva ein eigentleg skal levere. Derfor må utviklings- og estimeringsprosessen ta tid og krevje fleire iterasjonar.

Frå funna våre ser vi at uklare omfangsdefinisjonar, uklare og endra føresetnader og lav modnad i prosjektet bidreg til høg grad av usikkerheit. Dette leier til at estimering er vanskeleg, og har følgjer for resultatet. Til dømes peika Cantarelli mfl. (2013) på at eit dårleg definert prosjektomfang er i tråd med tekniske årsaker til kostnadsoverskridingar. Vidare er dette er også i tråd med Ika mfl. (2020) sin forklaringsmodell, som peikar på den kontekstuelle usikkerheita i starten på eit prosjekt, som endrast og utviklast over tid.

Alle involverte må erkjenne at ein står i ein så usikker kontekst og at utgreiingar og kostnadsestimater ber med seg ei monaleg usikkerheit. Estimatorane må klare å formidle/kommunisere dette frå eit utøvande perspektiv (prosjektperspektivet/estimatorperspektivet) til eit eigarperspektiv og politisk perspektiv. Dette er sjølvsagt ei utfordring. Avgjerdene som skal takast er store, dei har følgjer for mange og kan også i mange tilfelle vere konfliktladde.

Dei som tek dei endelege avgjerdene i dei store statlege prosjekta (det politiske nivået), skal basere desse avgjerdene på dei utgreiingane som ligg føre. Derfor er det viktig å etablere forståing for usikkerheita som ligg i dette materialet. Informantane i denne studien peika på at dette er vanskeleg. Av og til fordi dei produserer eit estimat som dei leverer frå seg og ikkje veit korleis vert brukt - eller eventuelt misbrukt - i det vidare. Av og til fordi estimatorane vert møtte med at eigaren eller det politiske nivået krev *eitt* tal. Dei vil vite den eksakte kostnaden. Dette er ikkje råd å svare for basert på den informasjonen ein har tilgjengeleg i tidlegfase. Av dette må vi konkludere at dei som skal ta avgjerdene ikkje forstår at

eit estimat er eit estimat, og ikkje eit konkret og eksakt tal som vil stå seg til prosjektet er ferdig.

Valet og vektlegginga av informasjonen som skal nyttast i utforming av konsept og tilhøyrande estimering, bør vere bevisst og nøye gjennomtenkt mellom anna for å unngå «analysis-paralysis» (Samset og Volden, 2016; Samset, 2009) og tidleg «lock-in» (Flyvbjerg, 2014). Analysis-paralysis tyder at ein ikkje klarer å ta avgjerder og kome vidare på grunn av for mykje detaljar så tidleg i prosjektet (Williams, 2009). I staden vel ein å utgreie meir, eller så lar avgjerda vente på seg. «Lock-in» tyder å låse seg til ei bestemt løysing eller ein logikk på eit altfor tidleg stadium, og så stå fast på denne til trass for ny og oppdatert informasjon seinare, som viser at løysinga ein har låst seg til ikkje er den beste (Flyvbjerg, 2014).

Kostnadsestimering er som nemnt tid- og ressurskrevjande, og det er viktig å tilpasse dette arbeidet til den konteksten prosjektet står i. Det kan kanskje vere freistande å talfeste det ein kan for å ha noko konkret å vise til eller navigere etter i all usikkerheita, men i tidlegfasen vil *for* detaljerte utrekningar og estimat ofte verke mot si hensikt, då føresetnadene endrar seg med tida sidan prosjektet modnar gradvis (Samset, 2010). For mykje og for detaljert informasjon i tidlegfasen forringar såleis mogelegheitene til å gjere det rette konseptvalet (ein druknar i informasjon og vert lamma). Dessutan vil estimat som i for stor grad er baserte på detaljar i denne fasen av prosjektet kunne føre til at ein føler seg tryggare enn ein reelt sett kan vere, ein kan rekne bort usikkerheit og kome feil ut frå starten (Pugh, 2009).

Estimeringa handlar om å få fram kostnaden til ei definert løysing. Eit enno viktigare spørsmål, er om det er den rette løysinga. Dessverre ser ein at utforsking av mogelegheitsrommet er avgrensa grunna ulike restriksjonar og bindingar. Til dømes er politiske, analytiske og/eller organisatoriske bindingar temmeleg vanlege. Det vil seie at løysinga ofte er valt på førehand slik at ein i denne fasen ikkje gjer reelle konseptval (Samset mfl., 2014; Flyvbjerg, 2014). Dette kan igjen ha ein uheldig verknad på prosjektet sin strategiske/langsiktige suksess. Samfunnsnyttan er nært knytt til å gjere det rette konseptvalet, eller sagt på ein annan måte, gjennomføre det rette prosjektet (Williams og Samset, 2010). Med andre ord er «lock-in»-fenomenet klart til stades.

### **Prosess og produkt vert meir komplekse - behov for ekspertkompetanse**

Generelt, og uavhengig av kvar ein er i estimeringsprosessen, ser vi at estimering vert påverka av aukande kompleksitet knytt både til prosess og produkt.

Kompleksiteten er aukande både i situasjonen og i teknisk- og organisatorisk samanheng. Informantane gav uttrykk for at dei opplever prosjekta som meir og

meir særleine og komplekse. Nettopp det å kunne identifisere særleigheita til eit prosjekt vart peika på som viktig for å kunne gjere eit godt estimat i tidlegfase.

Mange heldt fram at ein i større grad treng å involvere fleire typar ekspertise for å kome fram til best mogelege estimat. Ein treng ekspertkunnskap som kan handtere kompleksiteten ein står overfor. Trass i at dette er eit bidrag til aukande kompleksitet i seg sjølv, så ser ein på dette som ein stor fordel for presisjonen i estimatet. Ein skal likevel vere klar over at det også kan vere fare for at ekspertane i stor grad målber egne ønsker og har egne insentiv. Viss dette leier til unøyaktige estimat, vil det vere i tråd med det Cantarelli mfl. (2013) kategoriserer som økonomiske forklaringar til kostnadsoverskridingar, i dette tilfellet som følgje av strategisk åtferd.

Planleggarar har ein tendens til å fokusere mykje på det dei kan best. Å dyrke egne interesser og kompetanse i prosjektet kan utgjere ein risiko for å introdusere eit for høgt detaljnivå, gitt den enkelte sin inngåande kunnskap på sitt felt. Dette vert ei slags fragmentering av prosessen ein står i. Arbeidsmåten avlar ytterlegare kompleksitet og gjer det vanskeleg å halde eit heilskapleg perspektiv. For stort fokus på detaljar tidleg i prosjektet kan føre til at ein låser løysingar for tidleg og på feil grunnlag.

Det er vanskeleg å navigere i det komplekse landskapet som tidlegfasen av eit prosjekt er. For høgt detaljfokus i tidlegfasen står i motsetnad til tilrådingane for kva eigenskapar som bør framhevast i tidlegfasen for å halde heilskapsperspektivet. Tilrådingane framhevar til dømes openheit og kreativitet for å utforske mogelegheitsrommet fullt ut. Faren for å ty til løysingar som har vore nytta tidlegare er til stades. Derfor må ein vere bevisst både kring sti-avhengigheit og ankringseffekten.

Vidare understreka informantane at det trengs kompetanse og kapasitet til å leie både estimeringsarbeidet og usikkerheitsanalysen i denne prosessen. Prosessleiaren må vere ein person som kan, i kraft av både kompetanse og erfaring og ikkje minst vilje, utfordre for å få til eit best mogeleg estimat.

Samansetjing av estimeringsteamet er ein balansekunst. Det trengs mange typar kompetanse, samstundes som det ikkje er hensiktsmessig med for mange i teamet. Mange av informantane var opptekne av dette. Behovet for rett kompetanse og nok kapasitet er i tråd med funn frå Torp og Klakegg (2016). Kommunikasjon innan prosjektet og i prosessen må vere i fokus. Prosjekta har mange interessantar med ulik bakgrunn og kanskje ulik kjennskap og forståing for terminologi. Då er det viktig, men krevjande, å sikre at alle er på same sida, har felles forståing og snakkar same språket. Dialog og kommunikasjon mellom interessantar og på ulike

organisasjonsnivå må leggast til rette for, noko som er sett på som ein viktig del av eit godt styringssystem for prosjektet.

Konsistens knytt til både personell, ekspertise, dokumentasjon og kommunikasjon er også presisert som viktig for ein god estimeringsprosess. Dette finn vi også døme på i litteraturen, mellom anna hos Merrow (2011) og Flyvbjerg mfl. (2003). Manglande konsistens er elles ei av hovudutfordringane i estimeringsprosessen, og er nært knytt til aukande kompleksitet. Manglande konsistens står også i kontrast til intensjonen med Statens prosjektmodell. Han er bygd opp som ein sekvensiell modell som fordrar konsistens mellom fasar og avgjerdspunkt. Ut frå funna i denne studien, er det konstatert eit forbettringspotensiale knytt til å sørge for ein slik konsistens. Endringa må starte med å vere bevisst kring at dette er ein manko i prosessane, og kor viktig denne konsistensen er. Dette stiller mellom anna krav til at prosjekteigar legg til rette for at ein slik konsistens kan oppretthaldast. Dette krev til dømes tilgang på personell, tilstrekkeleg med tid til estimering og naudsynte iterasjonar gitt at prosjektet modnar gradvis. Det set også krav til at relevant dokumentasjon følgjer med prosessen og at denne har den kvaliteten som trengs.

### **Behov for støtteverktøy**

Informantane i denne studien framhevar at erfaringstal er ein avgjerande føresetnad for å sikre realistiske estimat. I litteraturen finn ein også at input-data er eit sentralt tema innan kostnadsestimering (Badawy, 2020; Fragkakis mfl., 2011; Gardner mfl., 2016; Lin og Shaw, 2017; Pujitha og Venkatesh, 2020). Behovet for slike tal er stort, men det er framleis ein veg å gå med tanke på kvalitet og systematisering. Det er lite delingskultur å spore, både etatane mellom og mellom KS-miljøa og etatane, og mykje er knytt opp mot enkeltpersonar og lokale system. Det er også vist til at i den grad slike tal finst, så har ein ikkje eit godt forhold til nivået på dei ulike kostnadene. Derfor har ein ikkje kjensle av om ein er på eit gjennomsnitt, over eller under rimeleg kostnadsnivå samanlikna med andre prosjekt.

Som sagt er det ikkje enkelt å utarbeide tidlege kostnadsestimat. Mange av grunnane til det er skisserte i tidlegare kapittel. Ein treng nyttige hjelpemiddel i denne prosessen, der mellom anna rettleiarane frå Finansdepartementet utgjer ei slik kjelde. Rettleiaren for kostnadsestimering (Finansdepartementet, 2008b) seier noko om plassering av ansvaret for erfaringstal, og også noko om kompetansekrav og metodeval. I tillegg finst det rettleiarar som seier noko om terminologi og omgrepsapparat (Finansdepartementet, 2008d; 2008c). Rettleiarane har generelt vist seg som viktige i planleggingsprosessen (Samset mfl., 2013), og kvaliteten på dei bør avspegle denne viktigheita til dømes gjennom å vere kunnskapsbaserte og

ikkje minst oppdaterte. Likevel blir innhaldet sett på som noko generelt og temmeleg overordna. Informantane finn ikkje mykje praktisk støtte i rettleiarane. Etatane sjølve må sørge for den praktiske tilnærminga gjennom eigne styringssystem tilpassa sine spesifikke behov. Eigne rettleiarar, system, verktøy og datagrunnlag må haldast ved like og vere oppdaterte. Dette krev dedikert innsats frå den enkelte etaten. Både ressursbruk, kompetanse og kapasitet kan vere ei utfordring

Eit anna behov er knytt til det sentrale styringsdokumentet. I følgje rettleiaren frå Finansdepartementet (2008a) bør dette vere ein innarbeidd del av etaten sitt sentrale styringssystem. I dei tidlege fasane viser rettleiaren til at det er overordna høve som bør vektleggast, og at det er færre detaljar knytt til strategiar og styringsbasis her enn i seinare fasar. Frå informantane si side er det uttrykt behov for at ein er så tydeleg som mogeleg kring prosjekta sitt omfang («scope») i ein tidleg fase, trass i den usikre konteksten tidlegfasen representerer. Eit godt startpunkt vert halde fram som sær viktig for å skjone kva ein skal gjere når ein hamnar i skvis mellom dei ulike interessentane. Det er grunnlaget for eit mest mogeleg realistisk estimat. Styringsdokumentet spelar ei viktig rolle i dette.

## Metodane

Aukande kompleksitet i prosjekta (både i prosess og produkt) påverkar estimeringa. Karaca mfl. (2020) held fram at ei «top-down» tilnærming er fordelaktig for komplekse prosjekt for å auke presisjonen til kostnadsestimatet. Dette er også ein praksis som er tilrådd frå informantane i denne studien. «Top-down» tilnærming gjer at ein ikkje går for detaljert til verks for tidleg i prosessen. Sidan den tidlegaste fasen i prosjektet (fram mot KS1) i hovudsak dreiar seg om konseptvalet, og gitt stor usikkerheit på grunn av lite informasjon, bør ein halde seg til dei store linjene i denne fasen.

Alle estimat ber med seg ei usikkerheit, og kommunikasjonen kring denne vert framheva som ei særleg utfordring av informantane i denne studien, uavhengig av organisatorisk tilknytning. Å få forståing hos mottakarane av resultatet for at eit estimat er eit estimat og ikkje meir enn det, er vanskeleg. Dei som tek avgjerdene vil gjerne ha noko som er konkret og enkelt å halde seg til, og som står seg gjennom prosessen vidare. Mange av dei ynskjer ikkje eit spenn eller nivå av usikkerheit. Det er derfor sær viktig å finne ein forståeleg måte å kommunisere usikkerheita på. Det er eit monaleg forbetningspotensiale i måten kostnader og usikkerheit vert kommuniserte på.

Tradisjonelt er det ein del utfordringar knytte til kostnadsestimeringa og bruken av resultatata. Dette er skildra i kapittel 3, og ein må sjå figur 3-2, figur 3-3 og figur 3-4

i samanheng. Ein står overfor ei rekkje metodiske utfordringar som vi ønsker å handtere på ein betre måte. I tillegg endrar samfunnet sine krav og forventningar seg samstundes som verda stadig byr på nye utfordringar. Til dømes utviklar teknologien seg raskt, prosjekta har vorte større, meir komplekse og meir kritiske for aktørane, kampen om ressursane er sterk, og ein set i dag meir fokus på verdiskaping og berekraft. Alt dette peikar mot behov for meir innsats tidleg i utviklinga. Korleis må denne innsatsen vere, og kva estimeringsmetodar treng ein?

Kapittel 3 og tabellen i Bilag 1 viser ei oversikt over estimeringsmetodar. Her vert det vist til mange ulike metodar med ulike kvalitetar, styrkar og svake sider. Bevisst bruk er derfor viktig. Det er heva over tvil at det er bruk for fleire estimeringsmetodar tilpassa hensikta og datagrunnlaget – spesielt i tidlegfasen. Det er også klart at det er behov for stokastiske metodar for å handtere usikkerheita, og på dette området synest det som praksisen i store statlege investeringsprosjekt i Noreg er komen langt.

Samstundes vert krava og forventningane vert stadig høgare. Det krevst meir enn det dei tradisjonelle metodane er utvikla for. Kanskje skulle ein kunne ønske seg ein ny og betre måte å estimere kostnaden i tidlegfase på. Korleis ville ein slik idealm metode for tidlegfase sjå ut?

For det første måtte metoden kunne gi realistisk svar på kostnaden sjølv om underlaget er umode og upresist. For det andre måtte han vere i stand til å estimere kostnaden raskt, slik at vi kunne få vite konsekvensen av val med ein gong. For det tredje måtte han vise årsak til og verknad av usikkerheit, slik at vi kunne etablere eit robust budsjett for prosjektet. For det fjerde måtte han gi informasjon på eit presisjonsnivå som er eigna for styring. Sist, men ikkje minst, måtte han kunne brukast gjennom alle fasane slik at vi reduserte faren for inkonsistens til eit minimum.

Kan vi sjå konturane av ein slik idealm metode i dag? Det er skapt mange forventningar om at digitale hjelpemidlar skal gjere denne jobben for oss – både raskt, presist, realistisk og robust. Utviklinga på datasida skulle borge for det. Dei nevrane nettverka, med eller utan utviding med «fuzzy logic» er døme på ei slik tilnærming. Desse metodane er krevjande å utvikle og bruke i praksis. Den største utfordringa med denne metoden, er likevel at han ikkje gir informasjon om kvifor utviklinga vert slik som resultatet viser. Dermed vert ikkje dei som skal ta avgjerdene klokare. Metodane gir heller ikkje styringssignal. Bruken kan vise seg å vere avgrensa til å sikre realisme og robuste budsjett. Altså er det kanskje ikkje noko anna enn eit forsøk på å kvitte seg heilt med den menneskelege faktoren. Metoden er ikkje utprøvd, så det står att å sjå kva den kan bidra med.

Ei anna tilnærming som viser lovande takter, er BIM- basert (med visualisering) eller databasebasert (utan visualisering) estimering. Begge metodane bygger på at ein kan definere ein digital modell av løysinga som har nok informasjon til automatisk å ta ut naudsynte mengder av ulike element (eller grupper av element), og som hentar kostnadsdata frå ein eller fleire databasar og så reknar kostnaden. Automatisk mengdeuttak og kostnadsestimering er utprøvd og fungerer teknisk. Ved at menneska berre er involverte i å definere kva ein vil ha (løysinga), og ikkje inngår i estimeringa, kan denne metoden vere rask og så presis som omfangsdefinisjonen tillèt. Årsaka til at det er eit poeng at dette kan gjerast både med og utan visualisering, heng saman med korleis dette fungerer som underlag for å kunne ta ei avgjerd. Dei digitale visuelle framstillingane kan lett leie dei som skal ta avgjerd til å tru at løysinga er langt meir modna enn det er grunnlag for. Dette kan leie til feil avgjerd og urealistiske forventningar. Derfor er det fleire som tek til orde for at ein ikkje bør visualisere for tidleg.

Uansett kva form for modellering, estimering og prognosemetodar vi vel, står nokre heilt grunnleggande utfordringar att: Det må vere ein samanheng mellom modninga av grunnlaget ein vurderer på og det resultatet ein får ut. Grunnlaget tidleg er umode, usikkert og vil endre seg i løpet av prosessen. Menneska har sine svake og sterke sider i rolla som planleggarar og/eller dei som tar avgjerdene. Dette er, og vil alltid vere, grunnleggande trekk med tidlegfasen. Det kjem vi ikkje vekk frå.

Trass i at mange utfordringar knytte til kostnadsestimering i tidleg fase er skildra i denne studien, opplever informantane at estimata dei utarbeider er temmeleg realistiske. Mange av forklaringane på lågare kvalitet stemmer overeins med tilfelle skildra av Morris og Hough (1987), knytt til faktorar utanfor prosjektet. Likevel vil mesteparten av forklaringane på kostnadsoverskridingar frå vår studie kunne kategoriserast som tekniske, jf. Cantarelli mfl. (2013), botna i årsaker som manglande data, feilaktige prognosar, 'ærlege' feil og ibuande problematikk knytt til å føreseie framtida, manglande erfaring og kompetanse.

## 8.2 Tilrådingar

Eitt av føremåla med denne rapporten er å gi råd om korleis vi kan forbetre kostnadsestimering i tidlegfasen. Dei følgjande tilrådingane er særskilt retta mot prosjekt som fell innanfor Statens prosjektmodell, men dei kan også vere relevante for andre offentlege prosjekt. Tilrådingane bygger på funna frå denne studien (presenterte i kapittel 7) og refleksjonane knytte til forskingsspørsmåla i føregåande delkapittel. Tilrådingane er disponerte etter den enkle systemmodellen som vist i figur 7-1.

Følgjeleg presenterer vi nokre tilrådingar som er delte inn i etter dei tre temaområda vi har nytta gjennomgåande i denne studien: føresetnader, prosess og leveransar. Innanfor det første temaområdet gir vi til tilrådingar som skal forbetre føresetnadene for estimeringa. I dette temaområdet gjeld tilrådingane også for analyse av LCC-kostnader, sidan desse også utgjer ein sentral del av grunnlaget for gode, langsiktige avgjerder. Det andre temaområdet er retta mot sjølve estimeringsprosessen, og det tredje og siste temaområdet er retta mot leveransen av estimatet.

## **Føresetnader**

### **Erfaringsdata må takast vare på og nyttast.**

Erfaringsstal er avgjerande for å sikre realistiske estimat. Etatane har eit klart forbettringspotensial knytt til både å samle inn, lagre og systematisere erfaringsdata til seinare bruk. Erfaringsdata er ein særskild viktig føresetnad for å evne ei mest mogeleg realistisk estimering av kostnader og usikkerheit i tidlegfasen. Det er i Staten si interesse at desse erfaringane vert delt på tvers av ulike sektorar og etatar.

Vi har gjennom intervjuar og eigne observasjonar fått inntrykk av at etatane i mindre grad enn tidlegare systematiserer og analyserer data frå gjennomførte prosjekt. Viss vi ikkje utnyttar erfaring frå gjennomførte prosjekt, korleis kan vi då forvente å gjennomføre framtidige prosjekt betre? Til dømes så er det fleire etatar som aldri utarbeider sluttrapportar frå prosjekt. Nokre har slutta med det i løpet av dei siste åra. Vi trur ikkje isolert sett at sluttrapportar eller erfaringsrapportar er nøkkelen her, men at reelle tal vert samla og brukt til analysar som styrkar avgjerder og styring i seinare prosjekt. Dette skulle ein kunne vente at dei digitale systema i etatane klarer å bidra med. Vi ser ikkje spor av dette.

### **Betre dokumentasjon av føresetnader og bakgrunn for estimatet.**

Fleire etatar har etablert retningslinjer for å sikre god dokumentasjon. Likevel tilrår vi at dette følgast opp i større grad. Dokumentasjon av føresetnader og bakgrunn for estimatet gir både verdi i seinare fasar hos det enkelte prosjektet, og som erfaringsbygging for nye prosjekt. Dette må sjåast i samanheng med kravet om endringslogg (Finansdepartementet, 2019). Etatane må utvikle betre praksis knytt til å sikre konsistens over tid og mellom fasane av prosjekta.

### **Mandatet for konseptvalutgreiingar bør legge til rette for realistiske estimat ved å tydeleg skissere føremålet med og omfanget av tiltaket så langt det lar seg gjere.**

Denne tilrådinga er i tråd med at informantane trekte fram definisjonen og forståinga av prosjektet sitt omfang («scope») som noko av det som er mest

krevjande. Usikkerheita i tidlegfasen er stor av mange årsaker, men det er ikkje ønskeleg å la usikkerheita vere større enn naudsynt. Informantane poengterte kor viktig det er med eit tydeleg utgangspunkt for å kunne sikre eit mest mogeleg realistisk kostnadsestimat.

## Prosess

### **Erkjenne den komplekse konteksten og forstå usikkerheit.**

Både dei som skal ta avgjerdene og dei som skal ta fram underlag for desse må erkjenne kva det inneber å estimere kostnad i tidleg fase. For å sjå heilskapen, må dei vite kva som er det faktiske mogelegheitsrommet og føremålet med det tidlege kostnadsestimatet. Dei må også forstå den ibuande kompleksiteten i situasjonen, oppgåva og utviklingsprosessen. Intervjua fortel ei tydeleg historie om at det på fleire nivå framleis er vanskeleg å forstå usikkerheit. Opplæring er eit enkelt og rimeleg tiltak for dette.

### **Bruk av «top-down» tilnærming for estimering i tidlegfase.**

Denne tilrådinga heng saman med den førre tilrådinga knytt til å erkjenne den usikre konteksten ein står i. Ved å nytte ei «top-down»-tilnærming, unngår ein å detaljere for mykje for tidleg, og på denne måten rekne vekk usikkerheita. «Top-down» tilnærming inneber også å bruke nok tid på overordna spørsmål som behov, mål og strategiar før ein startar å spesifisere korleis problemet skal løysast. «Top-down» tilnærming bør vere obligatorisk i tidlegfase.

### **Sikre tilstrekkeleg tid til fleire iterasjonar av estimatet gitt den gradvise modninga av prosjektet.**

Kostnadsestimering er ein del av heile prosjektet og kan ikkje sjåast som ein isolert prosess. Estimeringsprosessen bør heller oppfattast og handterast som ein prosess som bidreg til å modne prosjektet. Prosessen må få nok tid.

Med tanke på den langsiktige, overordna samfunnsnyttan av tiltaket, er det viktigaste tiltaket å ikkje starte med for snevert mogelegheitsrom. Gjer ein det, kan ein gå glipp av potensielt vellukka konseptuelle løysingar. Å hoppe for tidleg på løysinga er framleis ei av dei største, farlegaste og mest velkjende fellene i tidlegfase. Likevel skjer det framleis ofte. Konsekvensen er nettopp kostnadsveksten som er dokumentert mellom KS1 og KS2 når ein blir klar over at løysinga må endrast frå den altfor tidleg festa ønsketanken frå dei som initierte det. Å starte prosessen med fastlåst løysing bør ikkje akseptierast.

### **Fokusere på det vi ikkje veit.**

Alle fagekspertar er opptatt av det området dei kan mest om – dei fokuserer intuitivt på det vi veit. Usikkerheita ligg derimot i det vi ikkje veit. Det er dette

som må fokuserast på viss vi ynskjer betre analysar, realistiske kostnadsestimat og godt underlag for avgjerder og styring. Derfor må det skapast rom for kommunikasjon mellom alle sentrale aktørar i estimeringsprosessen. Tilgang til ulike kunnskapar og erfaringar er viktig for å sikre realistiske estimat.

Gjennom ei slik arbeidsform legg ein til rette for at alle relevante kostnader vert fanga opp i analysen. Når føresetnadene også går fram av dokumentasjonen, kan dei som skal gjere det konseptuelle valet ta avgjerd på eit informert grunnlag.

### **Sikre gode og oppdaterte styringssystem i etatane.**

Styringssystema inneheld fleire viktige element for å evne ein god estimeringsprosess. For statlege tiltak er rettleiarane er ein del av styringssystemet saman med det sentrale styringsdokumentet. Gode system og planar skal sikre naudsynt kommunikasjon og dialog for å handtere grensesnitt mellom dei ulike nivåa/perspektiva/aktørane i prosjektet. Rettleiarane er ofte på eit overordna nivå, slik at det er opp til den enkelte etaten å utarbeide og halde ved like dei praktiske rettleiarane. Rettleiarane er viktige instrument i ein kompleks og usikker kontekst. Det bør vere eit krav at rettleiarane er kunnskapsbaserte og oppdaterte.

Ovanfor har vi også peika på behovet for å støtte opp under prosessen med gode data. Dette er naturlegvis også ein del av utviklinga av gode styringssystem. Prosessen og kostnadene skal styrast gjennom heile prosessen frå start til mål – også i tidlegfasen.

### **Gjere rimelegheitsvurderingar.**

Eit kostnadsestimat og tilhøyrande usikkerheitsanalyse skal tene mange føremål. Som det er vist i kapittel 3, inkluderer dette rask avklaring av konsekvensen av alternativval, synleggjere utfallsrommet (kor stor blinken er) og realistisk kostnadsnivå (midt i blinken), sikre eit robust budsjett som kan halde gjennom heile prosjektet, og vere eit grunnlag for styring. Estimering av den løysinga som er skissert vil alltid vere farga av planleggingsprosessen ein er inne i. For å sikre ei god og kritisk vurdering av om resultatet er rimeleg, må ein samanlikne det mot korleis det har gått i andre prosjekt. Bruk av «outside view» er ei klar tilråding for å sikre ei realistisk vurdering av om resultatet er rimeleg. Referansesjekk og andre metodar, som til dømes referanseklasseprognosar, er både realistiske og gode supplement når datagrunnlaget er etablert og tilgjengeleg.

## **Leveransar**

### **Dialog og kommunikasjon før, under og etter estimering.**

Alle relevante nivå i organisasjonen bør involverast tidleg for å klarlegge føremålet. Dette er viktig for å sikre god forankring hos dei som skal ta avgjerdene og eit rett

nivå av forventning til leveransen. Denne tilrådinga handlar om å sikre felles forståing for prosjektet, felles utgangspunkt og såleis skape tryggleik for kva ein skal gjere. I dette ligg også at dei som tek del i prosjektet skjønar den terminologien som vert brukt, og har lik oppfatning av ulike omgrep. Standardisering av bruken av ord og uttrykk og framstillingsformer, er derfor nyttige strategiar. Mykje av dette er felles og kan bygge på Finansdepartementet sine rettleiarar, men det kan også vere behov for tilpassingar i enkelte sektorar. Dette må etatane sjølve vurdere og ev. setje i verk. Der kommunikasjonen spenner over fleire nivå, til dømes det det inkluderer departementa, bør desse også inkludrast i dialogen om bruk av omgrep og framstillingar.

### **Synleggjer usikkerheita i estimata.**

At tidlege kostnadsestimat er usikre er det liten tvil om, men kor merksame er avgjerdstakarar og omverda på det? Frå erfaring veit vi at enkelttal har ein tendens til å feste seg og verte brukte uavhengig av kor usikre dei er. Synleggjering av denne usikkerheita handlar om kommunikasjon, men også om estimering og prognosearbeid. Sjølv om vi har prognosar som tilseier at det er meir sannsynleg at eit prosjekt vert dyrare, evnar ikkje estimeringsarbeidet og analysen av usikkerheit å ta høgde for det, sjå kapittel 0.

Tradisjonelt vert tidlege kostnadsestimat uttrykte ved P50 eller medianen. Det betyr at vi går ut frå at sannsynet er like stort for at kostanden vert lågare som det er for at han vert høgare. Fordelingskurva til estimata er oftast symmetrisk rundt medianen. Usikkerheita vert illustrert med standardavviket, men dette bør berre brukast når gjennomsnittet er eit passande mål på senter, det vil seie når gjennomsnittet og medianen er lik. Men det veit vi er feil. Det er mykje større sannsyn for at kostnaden vert høgare enn at han vert lågare, noko empiriske studiar har dokumentert. Den reelle fordelingskurva er høgreskeiv, men eit standardavvik seier ingenting om kor skeivt eit estimat er. Dersom analysane av usikkerheit ikkje produserer ei høgreskeiv fordeling, bør vi legge oss på eit høgare P-nivå for å ta høgde for den reelle skilnader. Ifølge Hollmann (2016), vil forventningsverdien eller gjennomsnittet normalt ligge på om lag P55-nivå.

Eit anna dilemma, er at i ei portefølje av prosjekt, vil summen av forventningsverdi normalt vere eit godt mål på samla kostnad (men ikkje medianen, summen av P50-estimat gir ikkje eit P50-estimat for ei portefølje av høgreskeive estimat – det er berre forventningsverdien som er additiv for ei portefølje av prosjekt), men i enkeltprosjekt vil det meste av usikkerheita ligge i differansen mellom forventningsverdi og P90. Dersom vi ikkje kan differensiere denne risikoen, til dømes på grunn av storleiken til enkeltprosjekt eller dersom vi ikkje kan drive reell porteføljestyring, bør estimata også i enkeltprosjekt reflektere

usikkerheita. Då bør vi heller vurdere å bruke estimat med høgare sannsynsnivå, til dømes P70-P90.

### 8.3 Konklusjon

Kostnadsestimering i tidlegfase er ein stor og utfordrande tematikk. Gjennom denne studien har vi freista å kartlegge nokre av utfordringane som kan hindre oss i å gjere realistiske estimat i denne fasen av eit prosjekt, og sett på korleis vi kan eller bør gjere dette metodisk.

Vi har vidare sett på kva for god praksis som kan hjelpe oss over desse hindera og via dette kjem vi med nokre tilrådingar som kan vere med på å forbetre kostnadsestimeringa. Dette er skissert i figur 8-1.

Korte og konsise svar på forskingsspørsmåla:


1. Korleis skal vi kunne sikre riktig og tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag for realistisk kostnadsestimering i den tidlegaste fasen?

Etatane må sikre at data frå tidlegare prosjekt vert tilgjengelege som faktagrunnlag til planlegging og kostnadsestimering på ein systematisk måte. Dette bør vere eit naturleg krav til gode styringssystem i ein digital tidsalder. Det er ikkje god nok praksis på dette området i dag.

I tillegg er det avgjerande at tidlegfaseprosessen ikkje startar med førehandsbestemte haldningar til kva svaret skal bli. Prosessen er ein læreprosess og ei modning som må få nok tid til å utvikle seg før den konkluderer løysinga og den tilhøyrande kostnaden og usikkerheita.

2. Kva metodar er i stand til å gi oss realistiske estimat trass i høg grad av kompleksitet og usikkerheit?

I tidlegfase er enkle, raske metodar nyttige som overslag. Stokastiske metodar er heilt avgjerande for å analysere usikkerheita. Dette er veletablert. Likevel er det viktig at ein utviklar nye metodar som kan nyttast til å styrke tidlegfasen. Vi trur databaserte metodar med eller utan visualisering er gode kandidatar, men treng meir utvikling før dei er klare for implementering i praksis. I tillegg bør «outside view» nyttast for å sikre ei god rimelegheitsvurdering før konklusjonen vert trekt.



Figur 8-1 Kostnadsestimering i tidleg fase: hinder, god praksis og tilrådingar

## 8.4 Vidare arbeid

I kapittel 8.1 har vi gjort oss refleksjonar om kostnadsestimering i tidlegfasen. I kapittel 8.2 summerte vi opp ei rekkje tilrådingar som vi har trekt ut av det totale materialet som er samla i denne rapporten. Kapittel 8.3 gir korte og konkrete svar på forskingsspørsmåla. Heilskapen i dette materialet teiknar eit positivt bilete av store statlege norske investeringsprosjekt. Likevel er det identifisert nokre alvorlege svake punkt som bør styrkast. Vidare arbeid inneheld nokre få men viktige punkt – både for dei ansvarlege i departementa, dei som praktiserer i etatane, og for forskarane:

For dei ansvarlege i departementa:

- Sikre klare mandat som gjer at ein ikkje går inn i prosessane med fastlåste oppfatningar av løysing men tilstrekkeleg klare føresetnader.
- Sikre gode mandat som gir rom for ein grundig og systematisk tidlegfase med tilstrekkeleg tid til iterasjonar og modning.
- Sikre at dei som skal ta avgjerder får opplæring i relevante omgrep, konkret slik at dei forstår kompleksitet og usikkerheit.

For dei som praktiserer i etatane og kvalitetssikrarane:

- Sikre at empiriske og kvantitative data vert samla og gjort tilgjengelege for planlegging, estimering og analyse på ein systematisk måte.
- Sikre at føresetnadene vert definerte og vedlikehaldne gjennom tidlegfase og vidare i prosjektprosessen gjennom å utvikle betre praksis for å møte kravet om endringslogg og styringsmål i forprosjektfasen.
- Sikre læring til neste prosjekt, ikkje berre gjennom system for samling og oppbevaring av data, men også gjennom bruk av eksterne ekspertar og ved å dele data og erfaringar på tvers av sektorar.

For forskarane:

- Utvikle ny kunnskap om dei framtidretta metodane for kostnadsestimering. Ikkje minst gjeld dette korleis data skal samlast, systematiserast og nyttast i estimering og analyse.
- Følgje opp og dokumentere prestasjonsnivået i prosjekta og verknaden av desse tiltaka.

---

## Referansar

- AbouRizk, S., Babey, G. og Karumanasseri, G. (2002) Estimating the cost of capital projects: an empirical study of accuracy levels for municipal government projects, *Canadian Journal of Civil Engineering*, 29(5), s. 653-661.
- Akinradewo, O., Aigbavboa, C. og Oke, A. (2020) Accuracy of road construction preliminary estimate: Examining the influencing factors, *Built Environment Project and Asset Management*, 10(5), s. 657-671.
- Amadi, A. og Ahiaga-Dagbui, D. D. (2021) Transportation infrastructure cost underestimation: Investigating the front-end debate, *International Journal of Project Organisation and Management*, 13(4), s. 301-328.
- Andersen, B., Samsset, K. og Welde, M. (2016) Low estimates – high stakes: Underestimation of costs at the front-end of projects, *International Journal of Managing Projects in Business*, 9(1), s. 171-193.
- Ashworth, A. og Perera, S. (2015) *Cost studies of buildings*. 6th edition. London: Routledge.
- Austeng, K., Midtbø, J. T., Jordanger, I., Magnussen, O. M. og Torp, O. (2010) *Usikkerhetsanalyse-Kontekst og grunnlag*. Concept rapport nr. 10. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Badawy, M. (2020) A hybrid approach for a cost estimate of residential buildings in Egypt at the early stage, *Asian Journal of Civil Engineering*, 21(5), s. 763-774.
- Badawy, M., Alqahtani, F. og Hafez, H. (2022) Identifying the risk factors affecting the overall cost risk in residential projects at the early stage, *Ain Shams Engineering Journal*, 13(2), s. 101586.
- Barakchi, M. (2016) *Cost Estimation methods in Transport Infrastructure. Term report of a systematic literature review*. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Bayram, S. og Al-Jibouri, S. (2016) Efficacy of estimation methods in forecasting building projects' costs, *Journal of Construction Engineering and Management*, 142(11).
- Berg, H., Bukkestein, I. og Nyhus, O. M. (2022) *Kostnadskontroll i statlige prosjekter med og uten ekstern kvalitets sikring*. Concept arbeidsrapport nr. 2022-1. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

Bilgaiyan, S., Mishra, S. og Das, M. (2016) A review of software cost estimation in agile software development using soft computing techniques, i *2016 2nd International Conference on Computational Intelligence and Networks (CINE)*, Bhubaneswar, India. IEEE, s. 112-117.

Bjørnstad, J. (2018) *Estimat Store norske leksikon*. Tilgjengelig frå: <https://snl.no/estimat>

Blumberg, B., Cooper, D. og Schindler, P. (2014) *EBOOK: Business Research Methods*. 4th edition. McGraw Hill.

Bodendorf, F. og Franke, J. (2021) A machine learning approach to estimate product costs in the early product design phase: a use case from the automotive industry, *Procedia CIRP*, 100, s. 643-648.

Braun, V. og Clarke, V. (2006) Using thematic analysis in psychology, *Qualitative Research in Psychology*, 3(2), s. 77-101.

Cantarelli, C. C., Flybjerg, B., Molin, E. J. og Van Wee, B. (2013) Cost overruns in large-scale transportation infrastructure projects: Explanations and their theoretical embeddedness, *European Journal of Transport and Infrastructure Research*, 10(1), s. 5-18.

Chen, Y., Ahiaga-Dagbui, D. D., Thaheem, M. J. og Shrestha, A. (2023) Toward a Deeper Understanding of Optimism Bias and Transport Project Cost Overrun. *Project Management Journal*, 0(0), s. 1-18.

Cheung, F. K., Rihan, J., Tah, J., Duce, D. og Kurul, E. (2012) Early stage multi-level cost estimation for schematic BIM models, *Automation in Construction*, 27, s. 67-77.

Christensen, S. og Kreiner, K. (1991) *Prosjektledelse under usikkerhet*. Oslo: Universitetsforlaget.

Creswell, J. W. og Plano Clark, V. L. (2011) *Designing and conducting mixed methods research*.

Creswell, J. W. (2014) *Research design. Qualitative, Quantitative, and Mixed Methods Approaches*. 4th edition. Thousand Oaks, California: SAGE Publications.

Denzin, N. K. og Lincoln, Y. S. (2018) *The SAGE Handbook of Qualitative Research*. 5th edition. London: SAGE Publications.

Drevland, F., Austeng, K. og Torp, O. (2005) *Usikkerhetsanalyse - Modellering, estimering og beregning*. Concept rapport nr. 11. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

- Drevland, F. (2013) *Kostnadsestimering under usikkerhet* Concept temahefte nr. 4. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Dursun, O. og Stoy, C. (2016) Conceptual estimation of construction costs using the multistep ahead approach, *Journal of Construction Engineering and Management*, 142(9).
- Dysert, L. R. og Elliott, B. G. (2020) EST-3423 Early Conceptual Estimating Methodologies.
- Dysert, L. R. (u.å) CCG White papers. Tilgjengeleg frå: <http://ccg-estimating.com/ccgwhitepapers.html>.
- Finansdepartementet (2008a) Veileder nr. 1: Det sentrale styringsdokumentet. Tilgjengeleg frå: <https://www.ntnu.no/concept/veiledere>.
- Finansdepartementet (2008b) Veileder nr. 6: Kostnadsestimering. Tilgjengeleg frå: <https://www.ntnu.no/concept/veiledere>.
- Finansdepartementet (2008c) Veileder nr. 3: Felles begrepsapparat KS1. Tilgjengeleg frå: <https://www.ntnu.no/concept/veiledere>.
- Finansdepartementet (2008d) Veileder nr. 2: Felles begrepsapparat KS2. Tilgjengeleg frå: <https://www.ntnu.no/concept/veiledere>.
- Finansdepartementet (2019) *Rundskriv R-108/19: Statens prosjektmodell - Krav til utredning, planlegging og kvalitetsikring av store investeringsprosjekter i staten*. Tilgjengeleg frå: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fin/vedlegg/okstyring/rundskriv/faste/r\\_108\\_2019.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fin/vedlegg/okstyring/rundskriv/faste/r_108_2019.pdf).
- Flyvbjerg, B., Holm, M. S. og Buhl, S. (2002) Underestimating costs in public works projects: Error or lie?, *Journal of the American Planning Association*, 68(3), s. 279-295.
- Flyvbjerg, B., Bruzelius, N. og Rothengatter, W. (2003) *Megaprojects and risk: An anatomy of ambition*. Cambridge university press.
- Flyvbjerg, B. (2009) Optimism and Misrepresentation in Early Project Development, i Williams, T. M., Samset, K. og Sunnevåg, K. (red.) *Making Essential Choices with Scant Information: Front-end Decision Making in Major Projects*. Houndmills, UK: Palgrave Macmillan, s. 147-168.
- Flyvbjerg, B. (2014) What You Should Know About Megaprojects and Why: An Overview, *Project Management Journal*, 45(2), s. 6-19.

- Flyvbjerg, B. (2021) Top ten behavioral biases in project management: An overview, *Project Management Journal*, 52(6), s. 531-546.
- Fragkakis, N., Lambropoulos, S. og Tsiambaos, G. (2011) Parametric model for conceptual cost estimation of concrete bridge foundations, *Journal of Infrastructure Systems*, 17(2), s. 66-74.
- Galbraith, J. R. (1979) *Designing complex organizations*. Reading, MA: Addison-Wesley.
- Gardner, B. J., Gransberg, D. D. og Jeong, H. D. (2016) Reducing data-collection efforts for conceptual cost estimating at a highway agency, *Journal of Construction Engineering and Management*, 142(11).
- Grindvoll, I. L. T. (2015) *Hva har skjedd med KS1-prosjektene? Status per mars 2015*. Concept arbeidsrapport. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Hollmann, J. (2016) *Project risk quantification. A practitioner's Guide to Realistic Cost and Schedule Risk Management*. Gainesville, Florida: Probabilistic Publishing.
- Hollmann, J. (u.å) Articles by J. Hollmann. Tilgjengeleg frå: <https://validest.com/library.html>.
- Ika, L. A. og Bredillet, C. N. (2016) The Metaphysical Questions Every Project Practitioner Should Ask, *Project Management Journal*, 47(3), s. 86-100.
- Ika, L. A., Love, P. E. og Pinto, J. K. (2020) Moving beyond the planning fallacy: The emergence of a new principle of project behavior, *IEEE Transactions on Engineering Management*, 69(6), s. 3310-3325.
- Jernbanedirektoratet (2019) *Veileder –kostnadsestimering i tidligfase*. Tilgjengeleg frå: [https://www.jernbanedirektoratet.no/contentassets/f9ed15eb368e4abb9dc6d2f558432135/veileder-kostnadsestimering-tidligfase-v\\_2019.pdf](https://www.jernbanedirektoratet.no/contentassets/f9ed15eb368e4abb9dc6d2f558432135/veileder-kostnadsestimering-tidligfase-v_2019.pdf).
- Jordal, H. A. (2019) *Kostnad- og nytteutvikling i tidligfasen. For prosjekter som har gjennomgått KS1 og KS2*. Concept arbeidsrapport nr. 2019-4. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Jorgensen, M. og Shepperd, M. (2006) A systematic review of software development cost estimation studies, *IEEE Transactions on software engineering*, 33(1), s. 33-53.
- Kahneman, D. (2017) *Thinking, fast and slow*. New York: Farrar, Strauss and Giroux.

- Kallio, H., Pietilä, A.-M., Johnson, M. og Kangasniemi, M. (2016) Systematic methodological review: developing a framework for a qualitative semi-structured interview guide, *The Journal of Advanced Nursing*, 72(12), s. 2954-2965.
- Karaca, I., Gransberg, D. D. og Jeong, H. D. (2020) Improving the accuracy of early cost estimates on transportation infrastructure projects, *Journal of Management in Engineering*, 36(5).
- Kitchenham, B., Mendes, E. og Travassos, G. H. (2006) A systematic review of cross-vs. within-company cost estimation studies, i *10th International Conference on Evaluation and Assessment in Software Engineering (EASE) 10*. s. 1-10.
- Klakegg, O. J. og Lichtenberg, S. (2016) Successive cost estimation—successful budgeting of major projects, *Procedia-Social and Behavioral Sciences*, 226, s. 176-183.
- Kvale, S. og Brinkmann, S. (2015) *Det kvalitative forskningsinterviø*. 3. utg. Oslo, Norway: Gyldendal Akademisk.
- Lichtenberg, S. (1984) *Prosjekt planlægning - i en foranderlig verden : nogle nye principper og metoder til en mere effektiv budgettering, planlægning, vurdering og gennemførelse af større, ressourcekrævende projekter i en foranderlig verden*. 2. udg. Lyngby: Polyteknisk Forlag.
- Lin, C.-K. og Shaw, H.-J. (2017) Feature-based estimation of preliminary costs in shipbuilding, *Ocean Engineering*, 144, s. 305-319.
- Lincoln, Y. S., Lynham, S. A. og Guba, E. G. (2018) Paradigmatic controversies, contradictions, and emerging confluences, revisited, i Denzin, N. K. og Lincoln, Y. S. (red.) *The SAGE Handbook of Qualitative Research*. London: SAGE Publications.
- Liu, L. og Zhu, K. (2007) Improving cost estimates of construction projects using phased cost factors, *Journal of Construction Engineering and Management*, 133(1), s. 91-95.
